

Materiale for

# BØNEVEKA FOR KRISTEN EINSKAP

og for heile året

Vi skal alle bli omskapte ved  
vår Herre Jesu Kristi siger

2012

(jf. 1 Kor 15,51-58)

*Lagt til rette og utgjeve i fellesskap av  
Det pavelege rådet til fremje av kristen einskap  
og  
Kommissjonen for tru og kyrkjeordning under Verdskyrkjerådet*

*Omsett til norsk av Anfinn Andreas Kolberg*

*Kommisjonen for tru og kyrkjeordning  
Verdskyrkjerådet*

Faith and Order  
World Council of Churches  
P.O.Box 2100  
CH – 1211 Geneva 2  
Switzerland  
[infowcc@wcc-coe.org](mailto:infowcc@wcc-coe.org)  
[www.oikoumene.org](http://www.oikoumene.org)

*Det pavelege rådet  
til fremje av kristen einskap*

Pontifical Council for  
Promoting Christian Unity  
VA – 00120 Cité du Vatican  
[office@christianunity.va](mailto:office@christianunity.va)  
[www.vatican.va](http://www.vatican.va)

# IN MEMORIAM

## **Monsignor Eleuterio Francesco Fortino**

Medan Den internasjonale komiteen i september 2010 var saman til møte i Warszawa, Polen, kom meldinga om at Monsignor Eleutherio Francesco Fortini var avliden. Monsignor Fortini var sekretær for Det pavelege rådet til fremje av kristen einskap, og i ei årrekkje var han deltakar i Den internasjonale komiteen til førebuing av Bøneveka for kristen einskap. Han var levande oppteken av arbeidet for kristen einskap og særleg ivra han for å leggje dette fram i bøn. Dette var ei av dei mange gåvene han med glede delte med dei andre deltakarane i komiteen. Teksta for Bøneveka dette året er tileigna minnet om han. Må det verta slik at når vi bed med desse tekstene, kjem oppfyllinga av Kristi bøn nærare der han bed om “..at dei alle må vera eitt ... så verda skal tru.”

## **Innhald**

Til dei som legg til rette Bøneveka for kristen einskap	5
Bibeltekst	6
Presentasjon av tema for året 2010	7
Førebuinga av materialet til Bøneveka 2010	10
Økumenisk bønegudsteneste	11
Innleiing om den økumeniske gudstenesta	11
<b>Ordning for den økumeniske gudstenesta (NN)</b>	12
<b>Ordning for den økumeniske gudstjenesten (BM)</b>	17
Andakter og bønner for "dei åtte dagane"	22
Meir materiale til gudstenester	32
Informasjon om Polen – den økumeniske stoda	39
Tema for Bøneveka 1968 - 2012	43
Viktige hendingar i historia til Bøneveka for kristen einskap	46

Heile materialet til Bøneveka dette året er omsett til nynorsk.  
Ordninga for økumenisk gudsteneste er og omsett til bokmål.  
Skriftsitata er henta frå omsettinga til Det norske Bibelselskapet av 2005 (NT)  
og 1978 (GT)

# TIL DEI SOM LEGG TIL RETTE BØNEVEKA FOR KRISTEN EINSKAP

## **Arbeidet for einskap - gjennom heile året**

Bøneveka for kristen einskap har etter tradisjonen vore halde 18.-25. januar på den nordlege halvkula. Desse dagane blei foreslått av Paul Wattson i 1908 fordi dei ligg i tida mellom festane for apostlane Peter og Paulus. Dermed får dei ei symbolsk tyding. Men på den sørlege halvkula er januar feriemånad, og kyrkjene der finn derfor andre tider til Bøneveka, til dømes kring pinse, slik det vart foreslått av Tru og kyrkjeordningsrørsla i 1926. Pinse er jo og ei symbolmetta tid for kristen einskap.

Men arbeidet for kristen einskap er ikkje avgrensa til ei veke kvart år. Vi oppmodar dykk derfor til ikkje berre å vera fleksible med omsyn til dato, men og til å sjå det materialet vi presenterer her som ei innbyding til gjennom heile året å finna høve til å markera den fellesskapen som kyrkjene alt er komne fram til, og til å be saman for den fulle einskapen etter Kristi vilje.

## **Tilpassing av teksta**

Dette materialet legg vi fram i full forståing for at de, når det er mogleg, kan tilpassa det til bruk på lokalt nivå. Då må det i tilfelle takast omsyn både til lokale tradisjonar for gudsteneste og liturgisk praksis og til heile den sosiale og kulturelle samanhengen ein står i. Normalt bør ei slik lokal tilpassing skje i ei økumenisk ramme. Nokre stader finst det alt økumeniske strukturar som naturleg tar ansvar for å legge materialet til rette. Andre stader voner vi at trongen til tilpassing kan skapa grobotn for å danna slike strukturar.

## **Bruk av materialet for Bøneveka**

- Kyrkjer og forsamlingar som saman markerer Bøneveka gjennom ei einskild felles gudsteneste, kan nytta ordninga for økumenisk gudsteneste i materialet.
- Kyrkjer og forsamlingar kan og gjerne innarbeida materialet frå Bøneveka i sine egne gudstenester. Då kan ein nytta bønener frå den økumeniske gudstenesta, frå "dei åtte dagane", eller frå utvalet av tilleggs materiale slik det høver i egne samanhenger.
- Forsamlingar som markerer Bøneveka med gudstenester kvar dag gjennom heile veka, kan nytta materialet frå "dei åtte dagane" til desse gudstenestene.
- Dei som vil gjera bibelstudium over temaet for Bøneveka, kan nytta bibeltekstane og andaktane frå "dei åtte dagane" som utgangspunkt. Samtalane kan munna ut i bøn.
- Dei som ønskjer å be åleine, kan finna hjelp i materialet til å konkretisera bønane. Slik kan dei få visse om å be saman med kristne frå heile verda om at einskapen i Kristi kyrkje må verta synleg.

## 1 KORINTARBREV 15

51 Sjå, eg seier dykk ein løyndom: Vi skal ikkje alle sovna inn, men vi skal alle bli omskapte, 52 i hast, i ein augneblink, når den siste basunen lyder. For basunen skal lyda, og dei døde skal stå opp uforgjengelege, og vi skal bli omskapte. 53 For dette forgjengelege må bli kledd i uforgjengelegdom, og dette dødelege kledd i udødelegdom. 54 Men når dette forgjengelege er ikledd uforgjengelegdom, og dette dødelege er ikledd udødelegdom, då blir det ordet oppfylt som står skrive:

*Døden er slukt og sigeren vunnen.*

55 *Død, kvar er din brodd?*

*Død, kvar er din siger?*

56 Brodden i døden er synda, og krafta i synda er lova. 57 Men Gud vere takk som gjev oss siger ved vår Herre Jesus Kristus! 58 Difor, mine kjære sysken, ver støe og urikkelege. Ta stadig rik del i Herrens gjerning! For de veit at i Herren er ikkje arbeidet dykkar nyttelaust.

# PRESENTASJON AV 'TEMAET' FOR BØNEVEKA 2012

## ***Vi skal alle bli omskapte ved vår Herre Jesu Kristi siger***

*(jf. 1 Kor 15,51-58)*

Tekstene til Bøneveka for kristen einskap i 2012 blei skrivne av ei arbeidsgruppe sett saman av representantar for Den romersk katolske kyrkja, Den ortodokse kyrkja, Gamalkatolikkane og protestantiske kyrkjer i Polen.

Etter omfattande diskusjonar der representantar for ulike økumeniske sirklar i Polen tok del, vart det avgjort at ein skulle sikta inn mot eit tema om den krafta til omskaping som ligg i trua på Kristus. Eit slikt tema gjev særskilt djup meining når vi bed om synleg einskap for Kyrkja som er Kristi kropp. Så vart temaet teke frå det fyrste brevet apostelen Paulus skreiv til kyrkja i Korint. Der samanliknar han livet vi lever her, med sine tilsynelatande singlar og nederlag, med det livet vi får ved sigeren Kristus vann gjennom kross og oppstode.

Kvifor eit slikt tema?

Polens historie fortel om lange rekkjer med nederlag og singlar. Vi kan berre tenkje på korleis Polen gong på gong blei invadert, delt og undertrykt av framande makter og fiendtlege system. Ein stendig kamp for å sigra over undertrykking saman med lengt etter fridom er tema i den polske historia. Dette har ført til merkbare endringar for livet i landet. Og likevel, der det er nokon som singlar, er det og nokon som taper og ikkje kan ta del i jubelen og gleda til vinnarane.

Denne særeigne historia til den polske nasjonen har fått den økumeniske gruppa, som har skrive materialet for dette året, til å gå djupare inn i kva det tyder å “vinna” og å “tapa”, særleg når ein tenkjer på korleis sigersspråk så ofte vert forstått som triumf. Men Kristus kan visa oss ein annan veg!

I 2012 skal europameisterskapen i fotball haldast i Polen og Ukraina. Dette ville vore heilt umogleg i tidlegare tider. For mange er det eit teikn på ein annan slags nasjonal siger når fleire hundre millionar tilhengjarar ivrig ventar på nyhende om vinnande fotballag i denne delen av Europa. Når vi tenkjer på dette eksemplet, skulle vi og tenkja på korleis det kjennest for dei som ikkje har vunne – ikkje berre når det gjeld sport, men i livet og i samfunnet. Kven er det som vil tenkje på taparane, dei som stendig lid tap fordi dei på grunn av føresetnader og situasjonar aldri vinn? Konkurrans og rivalisering er eit fast tema, ikkje berre i sport, men og i politikk og arbeidsliv, i kultur og til og med i kyrkja.

Då disiplane til Jesus var usamde om kven som var den største (Mark 9,34), var det klårt at dei kjende det som ei viktig sak. Men reaksjonen til Jesus på dette var ganske enkel: *“Om nokon vil vera den første, må han vera den siste av alle og tenar for alle”* (Mark 9,35). Desse orda talar om siger gjennom å tena kvarandre, og dei styrkjer sjølvbiletet til dei som er dei siste, dei attgøymde og utestengde. For alle kristne er det beste dømet på ei slik audmjuk teneste Jesus Kristus sjølv, han som sigra gjennom å døy og stå opp att. Det er i livet hans, med alt det han gjorde og det han lærte bort, gjennom lidinga og dauden og oppstoda hans, vil vi søkja inspirasjon til å leva eit sigrande liv i tru som kan koma til syne i sosialt engasjement,

bore av ein audmjuk ande, i teneste og i truskap mot evangeliet. Då Kristus såg fram mot liding og død, bad han om at disiplane hans måtte verta eitt så verda kunne tru. Ein slik siger er berre mogleg gjennom andeleg omskaping, ei omvendning. Det er årsaka til at vi ville ha desse orda av heidningane sin apostel til tema for meditasjonane våre. Målet er å nå fram til ein siger som tek alle kristne med i tenesta for Gud og nesten vår.

Når vi bed om og arbeider for heil og synleg einskap mellom kyrkjene, vil både vi og tradisjonane vi høyrer til i, bli endra og omskapte til å likna Kristus. Kan hende vil einskapen vi bed om, krevja fornying av det kyrkjelivet vi er vane med. Det er ei spanande utsikt, men han vil og kunna fylla oss med otte. Einskapen vi bed om er ikkje berre ein hyggeleg form for venskap og samarbeid. Han krev og vilje til å få slutt på at vi konkurrerer med kvarandre. Vi treng å opna opp for våre medmenneske, gje og ta imot gåver frå kvarandre for verkeleg å kunna gå inn i det nye livet med Kristus. For det er den eine og sanne sigeren.

I Guds frelsesplan er det plass for kvar einaste ein. Kristus, som døydde og stod opp att, femnar alle utan å spørja om siger eller tap, *”så kvar den som trur på han, skal ha evig liv”* (Joh 3,15). Vi kan og ta del i sigeren hans. Det er nok at vi trur på han, så skal vi kjenna at det vert lettare å vinna over vondskapen med det gode.

## **Åtte dagar til å meditera over omskapinga i Kristus**

I den veka som ligg framfor oss, skal vi få arbeida oss djupare inn i trua vår så vi alle kan verta omskapte gjennom sigeren til vår Herre Jesus Kristus. Lesingane frå Bibelen, kommentarar, bønner og spørsmål til samtale og ettertanke, alt saman vil syne oss ulike sider ved det Kristus tyder for oss som kristne og for einskapen mellom oss i verda i dag. Vi startar med å meditera over Kristus som tenar, og reisa vår ender med å feira Kristi herredøme som han vann ved kors og oppstode.

### **Første dagen: Omskapte av Kristus, tenaren vår**

*«Menneskesonen er komen for å tena»* (jf. Mark 10,45)

På denne dagen møter vi Jesus på vegen til siger gjennom teneste. Vi ser at han *er ikkje komen for å la seg tena, men for sjølv å tena og gje livet sitt til løysepenge for mange*” (Mark 10,45). Som ein konsekvens av det er Jesu Kristi kyrkje ein tenande fellesskap. Når vi nyttar dei ulike gåvene våre til ei samla teneste for menneska, då vert og einskapen i Kristus synleg.

### **Andre dagen: Omskapte gjennom å venta på Herren med tolmod**

*«Lat det no skje! Dette må vi gjera for å oppfylla all rettferd.»* (Matt 3,15)

Denne dagen handlar det om å venta på Herren med tolmod. Skal det verta noka fornying, må vi halda ut og vera tolsame. Det å be til Gud om at han på eit eller anna vis må omskapa oss, er i seg sjølv eit uttrykk for tru og tillit til lovnadene hans. Det er heilt naudsynt for alle som bed om synleg einskap mellom kyrkjene denne veka, at dei ventar på Herren. All økumenisk verksemd treng tid, gjensidig merksemd og felles handling. Vi er kalte til å arbeida saman med Den heilage ande for å sameina alle kristne.

## **Tredje dagen: Omskapte av Guds lidande tenar**

*«Kristus leid for dykk» (1 Pet 2,21)*

Den tredje dagen skal vi meditera over lidinga til Kristus. I fylgje med den lidande tenaren Kristus er dei kristne kalla til solidaritet med alle som lid. Jo nærare vi kjem til Jesus og krossen, desto nærare kjem vi kvarandre.

## **Fjerde dagen: Omskapte ved Herrens siger over det vonde**

*«Vinn over det vonde med det gode!» (Rom 12,21)*

Denne dagen tek oss enda djupare inn i kampen mot det vonde. Å sigra i Kristus er å sigra over alt som øydelegg Guds skapnad og skil oss frå kvarandre. I Jesus er vi kalla til å ha del i dette nye livet og kjempa saman med han mot alt det som er gale i denne verda, med ny giv og glede over alt som er godt. Så lenge vi er skilde frå kvarandre, er vi ikkje sterke nok til å sigra over det som er vondt i vår tid.

## **Femte dagen: Omskapte ved fred frå den oppstadne Herre**

*«Jesus stod midt imellom dei og sa: Fred vere med dykk!» (Joh 20,19)*

I dag feirar vi freden frå den oppstadne Herre. Han er sigerherren over døden og mørkret i verda. Disiplane hans var stive av skrekk, men han sameinar dei og gjev dei fred. Han opnar nye vegar for oss i livet og nye høve til å førebu at riket hans skal koma. Den oppstadne Herre samainar alle sine truande og gjev dei kraft og styrke. Fred og einskap er kjennemerka på omskapinga Han gjev.

## **Sjette dagen: Omskapte ved Guds trufaste kjærleik**

*«Det som har sigra over verda, er vår tru» (1Joh 5,4).*

På denne dagen samlar vi oss om Guds trufaste kjærleik. Påskemysteriet openberrar denne trufaste kjærleiken og kallar oss til å tru på ein ny måte. Denne trua sigrar over frykt og opnar hjarta våre for Heilagandens kraft. Ei slik tru kallar oss til venskap med Kristus og med kvarandre.

## **Sjuande dagen: Omskapte av den gode hyrdingen**

*«Fø sauene mine!» (Joh 21,17)*

I dag syner bibelteksta oss korleis Herren styrkjer flokken sin. I følgje med den gode hyrdingen er vi kalla til å styrkja kvarandre i Herren og til å støtta og gje kraft til dei som er svake og bortkomne. Det er ein hyrding, og vi er folket hans.

## **Åttande dagen: Sameina under Kristi herredøme**

*«Den som sigrar, vil eg la sitja med meg på mi trone» (Op 3,21)*

På den siste dagen i Bøneveka for kristen einskap feirar vi Herredømet til Kristus. Sigeren hans gjør at vi kan sjå inn i framtida med von. Han vinn over alt som hindrar oss i å ha del i det fullkomne livet saman med han og med kvarandre. Som kristne veit vi at einskapen mellom oss framfor alt er ei gåve frå Gud. Det er å ta del i Kristi herlege siger over alt som skil oss.

# FØREBUINGA AV MATERIALET TIL BØNEVEKA FOR KRISTEN EINSKAP 2012

Det første utkastet til materialet for Bøneveka dette året vart utarbeidd i februar-juni 2010 av ei gruppe representantar som vart sett saman etter innbyding frå Kommisjonen for dialog under Den polske bispekonferansen og Det polske økumeniske rådet. Vi vil takka alle dei som har vore med, og særskilt

Edward Puślecki (Generalsuperintendent for Den sameina metodistkyrkja i Polen, Warszawa).

Krzysztof Nitkiewicz (Den romersk katolske kyrkja, biskop i Sandomierz)

Monika Waluś (Den romersk katolske kirke, Józefów)

Kalina Wojciechowska (Den evangelisk-lutherske kyrkja, Warszawa)

Andrzej Gontarek (Den polske katolske kyrkja, Lublin)

Ireneusz Lukas (Den evangelisk-lutherske kyrkja, Warszawa)

Henryk Paprocki (Den polske sjølvstyrte ortodokse kyrkja, Warszawa)

Sławomir Pawłowski SAC (Den romersk katolske kyrkja, Lublin)

Tekstene lagde fram av denne gruppa, blei gjennomarbeidd under møtet i Den internasjonale komiteen som er oppretta av Kommisjonen for tru og kyrkjeordning under Verdskyrkjerådet og Det pavelege rådet til fremje av kristen einskap. Den internasjonale gruppa hadde møtet sitt i september 2010 hos sekretariatet til Den katolske bispekonferansen (Sekretariat Konferencji Episkopatu Polski) i Warszawa. Dei vil gjerne føra fram takk til Bispekonferansen og presidenten deira for venleg mottaking av møtet. Komiteen vil vidare takka erkebiskop Jeremiasz – president i Det polske økumeniske råd, og biskop Tadeusz Pikus – president i Det polske bispemøtet sitt økumeniske råd. Desse to sette saman den lokale arbeidsgruppa. Til sist vil dei og takka leiarane for arbeidsgruppa, Ireneusz Lukas (Den evangelisk lutherske kyrkja) og Sławomir Pawłowski (Den romersk katolske kyrkja) og alle dei andre som hjelpte til under arbeidet i Den internasjonale komiteen.

# ØKUMENISK GUDSTENESTE

*Vi skal alle bli omskapte ved vår Herre Jesu Kristi siger  
(jf. 1 Kor 15,51-58)*

## **Innleiing til gudstenesta**

Den økumeniske gudstenesta i Bøneveka for kristen einskap i 2012 kjem til oss frå Polen. Der har ei økumenisk gruppe skrive ei gudstenesteordning med bakgrunn i røyntslene til polske kristne som har opplevd tider med både glede og motsetnader. Polens historie er prega av ei rekke med nederlag og singlar, invasjonar, deling og undertrykking frå framande makter og fiendtlege system. Ein stendig kamp for å få slutt på slavekår og ønsket om fridom er eit særtrekk i polsk historie.

Gudstenesta hentar temaet sitt frå 1. Korintarbrev 15,51-58 der det står om korleis trua på Kristus gjev kraft til endring. Dette er særleg viktig for oss i bønene våre om ein synleg einskap i kyrkja, som er Kristi kropp. Når vi bed om og arbeider for ein slik full og synleg einskap, vil vi – og dei tradisjonane vi høyrer til – bli endra, ja omskapte til likskap med Kristus. Det er ein spanande visjon, men han kan og fylla oss med otte. For einskapen vi bed om, kan krevja fornying av former i kyrkjelivet vi er vane med. Einskap er ikkje berre eit hyggeleg utslag av venskap og samarbeid. Han krev og vilje til å få slutt på at vi konkurrerer med kvarandre. Vi treng å opna opp for kvarandre, gje og ta imot gåver frå kvarandre for verkeleg å kunna gå inn i det nye livet med Kristus. For det å leva med Kristus er den eine og sanne sigeren.

## **Ordninga av gudstenesta**

### **A. Opning**

Alt etter dei lokale skikkane kan gudstenesta ta til med ein salme til inngang. Den vert følgd av ei bøn til opning og syndevedkjenning.

### **B. Guds ord**

Det er tre lesingar frå skrifta. Teksta frå 1. Korintarbrev 15 er heilt avgjerande for temaet. Den vert følgd av ei preike, tekstutlegging eller annan framstilling av tekstene. Etter dette kjem truvedkjenning, til dømes den nikenske truvedkjenninga.

### **C. Bøn om einskap og omskaping**

Hovudsaka i bønene er einskap og omskaping i ulike situasjonar. Desse bønene vert følgde av ”Fredsteiknet”.

### **Fredsteiknet og deling av ”oplåtek”**

I Polen har dei ein skikk som går ut på at ein delar ein særskilt kjeks/oblat, ein ”oplåtek” (fleirtal ”oplåtki”) med kvarandre før julaftansmåltidet i heimen. Denne skikken vert og nytta i kyrkjene i juletida, ja til og med på arbeidsplassen. Skikken er så viktig for polakkar, både heime og i utlandet, at han blir praktisert av folk frå ulike kyrkjesamfunn, ja til og med av ikkje-truande. Kvar og ein får ein oplåtek. Så delar dei han ved å bretta av eit stykke av oplåteken til ein annan og eta det. Ved å gjera dette, ønskjer dei kvarandre alt godt. Det å dela oplåtek med kvarandre gjev uttrykk for einskap, kjærleik og tilgjeving mellom menneske som

Frelsaren kom til. Sjølv om dette ikkje er ei nattverdhandling, er det ein likskap, og handlinga er eit symbol på at Han er nær som kom til "Brødhuset" (Betlehem), og som sjølv blei Livets brød – Jesus Kristus.

Dersom ein ikkje har oplatek eller ei liknande kake (t.d. "avletter" eller "småbrød") kan ein nytta vanleg brød.

Utvekslinga av fredsteiknet kan, om ein ønskjer det, og gjerast slik det er vanleg på staden.

#### **D. Slutning**

Denne delen inneheld ei bøn om overgjeving som byggjer på tema for kvar av dei åtte dagane. Gudstenesta sluttar med velsingane som kan gjerast etter lokal skikk.

## ORDNING FOR

### ØKUMENISK BØNEGUDSTENESTE (NN)

*Vi skal alle bli omskapt ved vår Herre Jesu Kristi siger  
(jf. 1 Kor 15,51-58)*

L: *Leiar*  
T: *Tekstlesar*  
F: *Forsamling*

## A. OPNING

Salme til inngang eller preludium/forspill

*Under denne kan prestar og andre som har særlege oppgåver koma inn i prosesjon*

### **Helsing**

L: Herren Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den heilage andens samfunn vere med dykk alle!  
F: ***Og med din ande.***

### **Innleiing**

*Etter helsing og presentasjon av dei som deltek, kan ein gje ein kort introduksjon som leier inn i temaet. Leiaren kan seie:*

L: Sjø, eg seier dykk ein løyndom: Vi skal ikkje alle sovna inn, men vi skal alle bli omskapt.

F: ***Gud vere takk som gjev oss siger ved vår Herre Jesus Kristus!***

L: Gud har sigra i Kristus.  
Siger krev strev og kamp. Når vi ber om og arbeider for full synleg einskap i kyrkja, må vi – og tradisjonane vi høyrer til i – bli endra, ja omskapte til likskap med Kristus. Som kristne ønskjer vi å gjera denne innsatsen saman, utan å triumfera, idet vi tener Gud og nesten vår med Jesus som førebilete. Vi ber til Gud om å få dette sinnelaget i kampen for einskap.

### **Bøn til inngang**

L: Allmektige Gud,  
gjennom Jesus seier du til oss  
at den som vil vera den første,  
må vera den siste av alle og tenar for alle.  
Vi kjem fram for deg,  
og veit at sigeren din er vunnen  
gjennom kraftløyse på krossen.  
Vi kjem for å be om at kyrkja di må verta ein.  
Lær oss audmjukt å godta at slik einskap er ei gåve frå din Ande.  
Bruk denne gåva til å gjera oss annleis, ja, omskap oss  
og gjer oss meir lik din Son Jesus Kristus.

F: *Amen*

### **Syndevedkjenning**

L: Allmektige Gud, trass i den einskapen vi får i Kristus,  
held vi fast på ulikskapen vår. Miskunn deg over oss!

F: *Miskunn deg over oss! (Eller syng "Kyrie eleison")*

L: Vi gjør hjartet vårt hardt når vi høyrer evangeliet. Miskunn deg over oss!

F: *Miskunn deg over oss!*

L: Vi tenar ikkje deg i våre systrer og brør. Miskunn deg over oss!

F: *Miskunn deg over oss!*

L: Fordi Adam og Eva var ulydige, kom lidinga og døden til oss,  
og heile skapningen vart såra og riven sund. Miskunn deg over oss!

F: *Miskunn deg over oss!*

*(Ei kort stund med stille)*

L: Må den allmektige Gud sjå til oss i nåde,  
tilgje oss syndene våre og lei a oss fram til det evige liv.

F: *Amen.*

## **B. GUDS ORD**

### **Tekstlesingar**

T: Habakkuk 3, 17-19; 1. Korintarbrev 15,51-58; Johannes 12.23-26

## Song/Salme

### Preike/utlegging av teksta

*(Etter preika kan det vera ei kort stund med stille eller instrumentalmusikk)*

### Truvedkjenning

*Her kan ein til dømes nytta den Apostoliske eller Nikenske truvedkjenninga (utan filioque!)*

## Salme/Song

### C. BØNER OM EINSKAP OG OMSKAPING

L: Sameina i Kristus som gjev oss siger, lat oss be til Gud!

For Kyrkja, som er Kristi kropp, at vi i sanning kan leva i den einskapen vi får av Den heilage ande. – Gud, du er vår styrke –

F: ***Omskap oss ved din nåde.***

L: For leiarane i kyrkjene våre, at dei må vera tru mot den einskapen som alle kristne er kalla til. – Gud, du er vår styrke –

F: ***Omskap oss ved din nåde.***

L: For nasjonane i verda, at dei kan leva saman med kvarandre i fred og fremja rettferd for alle. – Gud, du er vår styrke –

F: ***Omskap oss ved din nåde.***

L: For alle menneske, at vi kan vera gode forvaltarar på jorda. – Gud, du er vår styrke –

F: ***Omskap oss ved din nåde.***

L: For menneska i samfunna våre, at vi kan bli omskapte til å vera medmenneske med omsut for kvarandre. – Gud, du er vår styrke –

F: ***Omskap oss ved din nåde.***

L: For dei som er sjuke og lid, at dei kan bli omskapte ved at du er nær dei med lækjedomen din. – Gud, du er vår styrke –

F: ***Omskap oss ved din nåde.***

L: For alle familiar og hushald, at deira strev og deira glede kan verta fullenda i kjærleiken din. – Gud, du er vår styrke –

F: ***Omskap oss ved din nåde.***

L: For dei som strir med døden, at dei kan finna trøyst i at du er nær.

– Gud, du er vår styrke –

F: ***Omskap oss ved din nåde.***

L: Herre, stå midt mellom oss og gje oss einskap og fred.

F: ***Amen.***

## Herrens bøn

L: Då disiplane spurte Jesus «Herre, lær oss å be,» svara han: «Når de bed, skal de seia:

F: Fader vår ... *(ein kan og syngja bøna)*

## Fredshelsing

*I Polen har dei ein skikk som går ut på at ein ved juletider delar ein særskilt kjeks/oblat, ein "oplatek" med kvarandre i heimen og i kyrkjene. Kvar og ein får ein oplatek. Så delar dei han ved å brekka av eit stykke av oplateken til ein annan person og eta den. Ved å gjera dette, ønskjer dei kvarandre alt godt. Det å dela oplatek med kvarandre gjev uttrykk for einskap, kjærleik og tilgjeving mellom menneske som Frelseren er komen til. Vi bed dykk gjera det same som eit teikn på fred og einskap.*

L: Herrens fred vera alltid med dykk

F: Og med din ande.

L: Lat oss gje kvarandre eit teikn på fred.

## D. AVSLUTNING

### Salme

*(Under salmen kan ein ta opp kollekt til arbeidet for kristen einskap)*

### Bøn om overgjeving

L: Vi hugsar kva apostelen Paulus skreiv i det fyrste brevet til Korintarane (1 Kor 15,57-58):

***"Gud vere takk som gjev oss siger ved vår Herre Jesus Kristus! Difor, mine kjære sysken, ver støe og urokkelege. Ta stadig rik del i Herrens gjerning! For de veit at i Herren er ikkje arbeidet dykkar nyttelaust."***

Lova vere Gud som lei er oss inn i einskap! Far, vi set av denne veka til å be om at einskapen vår i Kristus må verta djupare. Han vann over døden og kalla oss inn til eit nytt liv i Anden, derfor bed vi:

L: Omskapte av Kristus, vår tenar –

F: ***Send oss, og saman vi vil gå!***

L: Omskapte ved å venta på Herren i truskap –

F: ***Send oss, og saman vi vil gå!***

L: Omskapte av din lidande tenar –

F: ***Send oss, og saman vi vil gå!***

L: Omskapte ved Herrens siger over det vonde –

F: ***Send oss, og saman vi vil gå!***

L: Omskapte ved freden frå den oppstadne Herre –

F: ***Send oss, og saman vi vil gå!***

L: Omskapte ved Guds trufaste kjærleik –  
F: **Send oss, og saman vi vil gå!**

L: Omskapte av den gode hyrdingen –  
F: **Send oss, og saman vi vil gå!**

L: Sameina i Kristi herredøme –  
F: **Send oss, og saman vi vil gå!**

### **Velsigning og utsending**

*Velsigninga kan bli gjeve av fleire prestar i forma nedanfor eller i ei anna form.*

L: Herren vera med dykk.  
F: ***Og med din ande.***

L: Herren velsigna deg og vara deg.  
Herren lata sitt andlet lysa over deg og vera deg nådig.  
Herren lyfta sitt åsyn på deg og gjeva deg fred.  
F: ***Amen.***

*Eller:*

L: Velsigninga frå den allmektige Gud – Far, Son og Heilag ande – vere over deg.  
F: ***Amen.***

L: Gå i Kristi fred!  
F: ***Gud vere takk!***

### **Slutningssalme eller postludium**

# ORDNING FOR

## ØKUMENISK BØNNEGUDSTJENESTE (BM)

*Vi skal alle forvandles ved vår Herre Jesu Kristi seier.  
(jf 1 Kor 15,51-58)*

L: Leder  
T: Tekstleser  
F: Forsamling

### 1. ÅPNING

#### **Salme til inngang eller preludium/forspill**

*Under denne kan prester og andre som har oppgaver i gudstjenesten komme inn i prosesjon*

#### Hilsen

L: Herren Jesu Kristi nåde, Guds kjærlighet  
og Den hellige ånds samfunn være med dere alle!

F: ***Og med din ånd.***

#### Innledning

*Etter hilsen og presentasjon av dem som deltar, kan det her gis en kort introduksjon som fører inn i temaet. Lederen kan si:*

L Se, jeg sier dere en hemmelighet:  
Vi skal ikke alle sovne inn, men vi skal alle forvandles.

F ***Gud være takk som gir oss seier ved vår Herre Jesus Kristus!***

L: Gud har seiret i Kristus.  
Seier krever strev og kamp. Når vi ber om og arbeider for full synlig enhet i kirken, må vi – og de tradisjonene vi tilhører – bli forandret, ja forvandlet til likhet med Kristus. Som kristne ønsker vi å gjøre denne oppgaven sammen, uten å triumfere, i det vi tjener Gud og vår neste med Jesus som forbilde. Vi ber Gud om å få dette sinnelaget i kampen for enhet.

#### Inngangsbønn

L: Allmektige Gud,  
gjennom Jesus sier du til oss  
at den som vil være den første,  
må være den siste av alle og alles tjener.

Vi kommer frem for deg,  
og vet at din seier er vunnet  
gjennom kraftløshet på korset.  
Vi kommer for å be om at din kirke må bli én.  
Lær oss å godta med ydmykhet at slik enhet er en gave fra din Ånd.  
Bruk denne gaven til å forandre oss,  
ja, forvandle oss så vi blir mer lik din Sønn Jesus Kristus.

F: *Amen*

### **Syndsbekjennelse**

L: Allmektige Gud, til tross for den enheten vi får i Kristus,  
holder vi fast på ulikheten mellom oss. Miskunne deg over oss!

F: *Miskunne deg over oss!*

L: Vi gjør hjertene våre harde når vi hører evangeliet. Miskunne deg over oss!

F: *Miskunne deg over oss!*

L: Vi tjener ikke deg i våre søstre og brødre. Miskunne deg over oss!

F: *Miskunne deg over oss!*

L: Fordi Adam og Eva var ulydige, kom lidelsen og døden til oss,  
og hele skapningen ble revet i stykker. Miskunne deg over oss!

F: *Miskunne deg over oss!*

*(Kort stillhet)*

L: Må den allmektige Gud se til oss i nåde, tilgi syndene våre og lede oss til det evige liv.

F: *Amen.*

## **B. GUDS ORD**

### **Tekstlesninger**

T: Habakkuk 3,17-19; 1. Korinterbrev 15,51-58; Johannes 12,23-26

### **Song/Salme**

### **Preken/tekstutleggelse**

*Etter prekenen følger en kort stillhet eller instrumentalmusikk.*

### **Trosbekjennelse**

*Her kan en for eksempel bruke den Apostoliske eller den Nikenske trosbekjennelse (uten "filioque"!)*

### **Salme/Song**

## C. BØNNER OM ENHET OG FORVANDLING

- L: Forenet i Kristus som gir oss seier, la oss be til Gud:  
For kirken, som er Kristi kropp, at vi i sannhet kan leve i den enheten vi får gjennom  
Den hellige ånd. – Gud, du er vår styrke –
- F: ***Omskap oss ved din nåde.***
- L: For lederne i våre kirker, at de må være tro mot den enhet som alle kristne er kalt til. –  
Gud, du er vår styrke –
- F: ***Omskap oss ved din nåde.***
- L: For alle nasjoner i verden, at de kan leve sammen med hverandre i fred  
og fremme rettferdighet for alle. – Gud, du er vår styrke –
- F: ***Omskap oss ved din nåde.***
- L: For alle mennesker, at vi kan være gode forvaltere på jorden.  
– Gud, du er vår styrke –
- F: ***Omskap oss ved din nåde.***
- L: For menneskene i våre samfunn, at vi kan bli omskapt til å være medmennesker  
med omsorg for hverandre. – Gud, du er vår styrke –
- F: ***Omskap oss ved din nåde.***
- L: For dem som er syke og lider, at de kan bli omskapt ved ditt nærvær  
og dine legende krefter. – Gud, du er vår styrke –
- F: ***Omskap oss ved din nåde.***
- L: For alle familier og hjem, at deres strev og deres glede kan bli fullendt i din kjærlighet.  
– Gud, du er vår styrke –
- F: ***Omskap oss ved din nåde.***
- L: For dem som strider med døden, at de kan finne trøst i at du er nær.  
– Gud, du er vår styrke –
- F: ***Omskap oss ved din nåde.***
- L: Herre, stå midt iblant oss og gi oss enhet og fred.
- F: ***Amen.***

### Herrens bønn

- L: Da disiplene spurte Jesus: ”Herre, lær oss å be”,  
svarte han: ”Når dere ber, skal dere si:”
- F: ***Fader vår ....*** (Bønnen kan også synges)

## Fredshilsen

*I Polen har de en skikk som går ut på at en ved juletider deler en spesiell kjeks/oblat, en "oplatek", med hverandre i hjemmet og i kirkene. Hver enkelt får en oplatek. Så deler de den ved å brette av et stykke av oplateken til en annen person og spise den. Ved å gjøre dette, ønsker de hverandre alt godt. Det å dele oplatek med hverandre gir uttrykk for fellesskap, kjærlighet og tilgivelse blant mennesker som Frelseren kom til. Vi ber dere gjøre det samme som et tegn på fred og fellesskap.*

L: Herrens fred være alltid med dere

F: Og med din ånd.

L: La oss gi hverandre et tegn på fred!

## D. AVSLUTNING

### Salme

*Under salmen kan det tas opp kollekt*

### Bønn om overgivelse

L: Vi husker hva apostelen Paulus skrev til Korinterne (1 Kor 15,51-58):

*"Gud være takk som gir oss seier ved vår Herre Jesus Kristus! Derfor, mine kjære søsken, stå fast og urokkelig. Arbeid raust og rikelig for Herren! For dere vet at i Herren er ikke deres strev forgjeves."*

Lovet være Gud som leder oss inn i enhet! Far, vi setter av denne uken til å be om at enheten vår i Kristus må bli dypere. Han vant over døden og kalte oss inn til et nytt liv i Ånden, derfor ber vi:

L: Forvandlet av Kristus, vår tjener –

F: ***Send oss, og vi vil gå sammen!***

L: Forvandlet ved å vente i troskap på Herren –

F: ***Send oss, og vi vil gå sammen!***

L: Forvandlet av din lidende tjener –

F: ***Send oss, og vi vil gå sammen!***

L: Forvandlet ved Herrens seier over det onde –

F: ***Send oss, og vi vil gå sammen!***

L: Forvandlet ved freden fra den oppstandne Herre –

F: ***Send oss, og vi vil gå sammen!***

L: Forvandlet ved Guds trofaste kjærlighet –

F: ***Send oss, og vi vil gå sammen!***

L: Forvandlet av den gode hyrde –

F: ***Send oss, og vi vil gå sammen!***

L: Forenet i Kristi herredømme –  
F: ***Send oss, og vi vil gå sammen!***

### **Velsignelse og utsendelse**

*Velsignelsen kan gis av flere prester i en av formene nedenfor eller i en annen form.*

L: Herren være med dere.  
F: Og med din ånd.

L: Herren velsigne deg og bevare deg.  
Herren la sitt ansikt lyse over deg og være deg nådig.  
Herren løfte sitt åsyn på deg og gi deg fred.  
F: ***Amen.***

*Eller*

L: Velsignelsen fra den allmektige Gud, Far, Sønn og Hellig ånd være over deg.  
F: ***Amen.***

L: Gå i Kristi fred!  
F: ***Gud være takk!***

### **Slutningssalme eller postludium**

# "DEI ÅTTE DAGANE"

---

## FYRSTE DAGEN

**Tema:** Omskapte av Kristus, tenaren vår

*Tekst:* Menneskesonen er komen for å tena (jf. Mark 10,45)

### Lesetekster

Sak 9,9-10	Ein rettferdig, sigrande – og audmjuk konge
Salme 131	Hjartet mitt er ikkje hovmodig
Rom 12,3-8	Vi har ulike nådegåver til å tena med
Mark 10,42-45	Menneskesonen er komen for å tena

### Kommentar

Messias kom og sigra ved å vera tenar. Jesus ønskjer at ein tenar-ande også skal fylla hjarta til dei som følgjer han. Han lærer oss at ein berre vert verkeleg stor når ein tenar Gud og nesten sin. Kristus vil hjelpa oss til å oppdaga at for han er *det å herska det same som å tena* slik ein kristen sa det i den fyrste tida.

Profetien hjå Sakarja om ein sigerrik og audmjuk konge vart oppfylt i Jesus Kristus. Han er fredskongen som kom til sine eigne, til Jerusalem, fredens by. Han kjem korkje med list eller vald, men med mildskap og audmykt.

Salme 131 teiknar kort, men tydeleg den andeleg freden som veks fram som ei frukt for den audmjuke. Biletet av mor og barn er ei likning på Guds ømme kjærleik og syner ein tillit til Gud som heile samfunnet av truande er kalla til å ta del i.

Apostelen Paulus utfordrar oss til å gjera ei realistisk og audmjuk vurdering av oss sjølve og dei gåvene vi er utrusta med. Enda vi har ulike gåver, er vi ein kropp i Kristus. Vi er skilde frå kvarandre i kvar våre tradisjonar. Men Herren har gjeve oss gåver som vi er kalla til å nytta i teneste for andre.

*For ikkje eingong Menneskesonen er komen for å la seg tena, men for sjølv å tena og gje livet sitt til løysepeng for mange* (Mark 10,4). Ved si teneste har han, Kristus, redda oss frå å ha uvilje mot å tena Gud. Han vart eit døme på korleis relasjonar mellom menneske kan settast i stand: *Den som vil bli stor blant dykk, skal vera tenaren dykkar*. På dette viset snur Kristus opp-ned på våre idear om kven som er stor og kva som er viktig.

I Romarbrevet minner Paulus oss om at dei mange ulike gåvene er gjeve oss for at vi skal tena: profeti, tenester, undervising, trøyst, gje gåver, leiarskap og medkjensle. Ulike som vi er, er vi alltid ein kropp i Kristus og lemer for kvarandre. Når vi nyttar dei mange gåvene i sameint teneste for menneska, gjør vi einskapen i Kristus synleg. Felles innsats frå kristne til beste for medmenneske kan vera å kjempa mot armod og fåkunne, forsvara dei undertrykte, arbeide for fred og ta vare på liv, utvikla vitenskap, kunst og kultur. Dette er praktisk økumenikk som kyrkja og verda sårt treng. Å etterlikna Jesus, tenaren, gjev eit sterkt vitnemål om

evangeliet og rører ikkje berre sinn, men og hjarta. Slik sameint teneste er eit teikn på at Guds og vår tenar Kristi rike kjem til oss.

### **Bøn**

Allmektige evige Gud, når vi ferdast på kongevegen som heiter teneste, lei er din Son oss frå ulydnad i hovmod til audmykt i hjartet. Knyt oss saman med kvarandre med Din heilage ande så ditt sanne andlet vert synleg gjennom tenesta vi gjer for systre og brør, du som lever og råder i all æve. Amen.

### **Spørsmål til ettertanke**

1. Kva slags teneste vert mest truga av byrgskap og hovmod?
2. Kva kan vi gjera for at kristen teneste kan verta ei betre teneste?
3. Kva for tenester kan kristne frå ulike tradisjonar gjera betre saman enn kvar for seg slik at tenaren Kristus vert synleg i samfunnet vårt?

## ANDRE DAGEN

### **Tema: Omskapte ved å venta på Herren med tolmod**

*Tekst: Lat det no skje! Dette må vi gjera for å oppfylla all rettferd.*  
(Matt 3,15)

### **Lesetekster**

1 Sam 1,1-20	Hannas tillit og venting i tolmod
Salme 40	Venta på Herren i tolmod
Hebr 11,32-34	Ved tru vann dei over kongerike og heldt oppe retten
Matt 3,13-17	Lat det no skje! Dette må vi gjera for å oppfylla all rettferd

### **Kommentar**

Med siger tenkjer vi gjerne på rask og snarleg triumf. Etter ein vanskeleg kamp får vi alle ein smak av suksess når det vankar gratulasjonar, lovord og kanskje premiar. I slike gledesfylte stunder er det knapt nokon som tenkjer på at i kristent perspektiv er siger ein langsiktig endringsprosess. Men ser vi den omskapande sigeren på dette viset, lærer at det er noko som hender i Guds time, ikkje i vår. Det krev at vi ventar på Gud med von og tolsam tillit.

Hanna vitna om slik von og tolsam tillit. Etter mang års venting på å bli gravid, bed ho med høg gråt til Gud om eit barn. Ho tedde seg slik at presten ved inngangen til tempelet trudde ho var full. Men då Eli forsikra henne om at Gud ville høyra bønna hennar, stolte ho på det og venta utan å vera lei seg. Hanna blei gravid og fødte ein son. Ho kalla han Samuel. Den store sigeren her er ikkje sigeren til nasjonar eller armear. Det er eit glimt inn i ein privat og personleg kamp. Til sist førte Hannas tillit og von ikkje berre til omskaping for henne, men for heile folket hennes, som Israels Gud greip inn for gjennom Samuel, sonen hennar.

Salmediktaren gjev ein gjenklang av korleis Hanna tolsamt venta på Herren i ein annan slags kamp. Han søkte og redning frå ein situasjon vi ikkje veit noko meir om enn han ymtar om med orda "den tynande grav" og "den djupe gjørma". Men han takkar for at Gud har omskapt skamma og forvirringa hans, og held fram med å stola på Guds trufaste kjærleik.

Forfattaren av Hebrearbrevet minner om tolmodet til slike folk som Abraham og andre som sigra gjennom tru og tillit til Gud. Når dei skjøner at Gud grip inn og tar del i vår menneskelege historie, tar det vekk freistinga til å triumferer på menneskeleg vis.

Røysta frå himmelen då Jesus vart døypt, sa: ”*Dette er Son min, han som eg elsker*”. Ein kunna tru det var ein garanti for snarleg suksess i den messianske tenesta han gjekk inn i. Men Jesus stod imot den vonde og fall ikkje for freistinga til å henta inn Guds rike med det same. Med tolmod openberrar han kva livet i himmelriket tyder gjennom livet sitt og tenesta som førte han til døden på krossen. Mens Guds rike på ein avgjerande måte bryt inn gjennom oppstoda, så er det ennå ikkje kome heilt og fullt. Den siste sigeren kjem ikkje før Jesus kjem att. Difor ventar vi med von og tillit og ropar ”Kom, Herre Jesus”.

Mens vi ventar på at einskapen i kyrkja skal verta synleg, treng vi og å venta med tolmod og tillit. Bøna om kristen einskap liknar på bønene til Hanna og salmediktaren. Arbeidet for kristen einskap liknar på dei handlingane som Hebrearbrevet fortel om. Når vi ventar i tolmod, er det ikkje fordi vi er hjelpelause eller passive. Vi har ein djup tillit til at kyrkja er Gud gåve, ikkje vårt verk. Tolsam venting, bøn og tillit omskarar oss og førebur oss på den synlege einskapen i kyrkja – ikkje slik vi planlegg, men slik Gud gjer det.

### **Bøn**

Trufaste Gud, du er tru mot ordet ditt gjennom alle tider. Gje oss å ha tolmod og tillit til din urokkelege kjærleik slik Jesus hadde. Gjev oss ljøs ved Din heilage ande så vi ikkje øydelegg di fullkomne rettferd med våre forhasta domar, men at vi heller søkjer å kjenna din visdom og kjærleik i alle ting, du som lever og råder i all æve. Amen.

### **Spørsmål til ettertanke**

1. I kva slags situasjonar i livet skulle vi ha større tillit til Guds lovnader?
2. Kva for område i kyrkjelivet er særleg utsett for freisting til å handla forhasta?
3. I kva for høve skulle kristne venta og når skulle dei handla i fellesskap?

## TREDJE DAGEN

### **Tema: Omskapte av Guds lidande tener**

*Tekst: Kristus leid for dykk (1 Pet 2,21)*

### **Lesetekster**

Jes 53,3-11	Ein mann i pinsler, velkjend med sjukdom
Salme 22,13-25	Han har ikkje vanvørdd ein stakkar
1 Pet 2,21	Kristus leid for dykk
Lukas 24,25-27	Måtte ikkje Messias lida dette?

### **Kommentar**

Det er eit guddommeleg paradoks at Gud kan venda tragedie og katastrofe til siger. Han omskaper all vår liding og ulukke, til og med den største smerta manneætta veit om, til ei oppstode som omsluttar heile verda. Sjølv om det ser ut som han tapar, er han likevel den sanne sigerherre som ingen og ingen ting kan vinna over.

Jesajas gripande profeti om Herrens lidande tenar vart heilt og fullt oppfylt i Kristus. Etter å ha gått gjennom grufulle lidingar skal denne mannen i pinsler *få etterkomarar*. Det er vi som er desse etterkomarane, fødte frå Frelsarens pinsler. Slik vert vi gjort til ein familie i han.

En kan seia at Salme 22 ikkje berre er *om* Jesus, men og *for* Jesus. Frelsaren sjølv bad denne salmen på krossen då han nytta dei fortvila opningsorda: *Min Gud, Min Gud, kvifor har du forlate meg?* I den andre delen av salmen vert likevel klaga og bønepet fullt av pine avløyst av pris til Gud for hans gjerningar.

Apostelen Peter vitnar om *Kristi lidingar* (1 Pet 5,1), og han gjer det ved å halda fram eit døme for oss: Det er til denne lidinga vi er kalla for kjærleikens skuld. Jesus forbanna ikkje Gud, men overgav seg til han som dømmer rettferdig. Såra hans har lækt oss og ført oss alle attende til den eine hyrdingen.

Det guddommelege formålet med at Messias leid, kan ein berre forstå når han sjølv er nær, og vi kan sjå det i ljøs av hans ord. Det var nett dette som hende for disiplane på vegen til Emmaus. Jesus er følgjesvennen vår på den ujamne vegen gjennom livet. Han får hjartet til å brenna i oss og opnar auga våre for den gåtefulle frelsesplanen.

Kristne erfarer liding som ei følgje av dei skjøre vilkåra i menneskelivet. Vi kjenner denne lidinga i sosial urett og i situasjonar med forfølgjing. Krafta frå krossen dreg oss inn i einskap. Der får vi sjå at Kristi liding er kjelda til medkjensle og solidaritet med heile menneskeslekta. Eller som ein samtidig teolog seier det: Jo nærare vi kjem til Kristi kross, desto nærare kjem vi kvarandre. Vitnesbyrdet frå kristne som står saman i liding, får eit påtakeleg truverde. Når vi står saman i solidaritet med alle som lid, lærer vi ei lekse av den krossfeste lidande tenaren om å gje avkall på vårt eige, stå på og ofra oss. Dette er gåver vi treng frå Den heilage Ande på vegen til einskap.

### **Bøn**

Trøystens Gud, du har omskapt skammens kross til eit sigersmerke. Gje at vi kan bli sameina rundt krossen til din son så vi kan lovprisa han for den miskunn han synte gjennom si liding. La din heilage ande opne auga våre og hjarta våre så vi kan hjelpa dei som lid til å kjenna at du er nær, du som lever og råder i all æva. Amen.

### **Spørsmål til ettertanke**

1. Korleis kan trua vår hjelpa oss når vi opplever langvarig liding?
2. Kva slag menneskeleg liding vert i dag oversett og bagatellisert?
3. Korleis kan kristne vitna saman om krafta frå krossen?

## **FJERDE DAGEN**

### **Tema: Omskapte ved Herrens siger over det vonde**

*Tekst: Vinn over det vonde med det gode! (Rom 12,21)*

### **Tekstlesingar**

2. Mos 23,1-9	Fylg ikkje mengda i det som er vondt!
Salme 1	Sæle er dei som har si glede i Herrens lov.
Rom 12,17-21	Vinn over det vonde med det gode!
Matt 4,1-11	Herren din Gud skal du tilbe, han og ingen annan skal du tena.

## **Kommentar**

Hjå Jesus lærer vi kva ”siger” verkeleg inneber for menneske, glede saman med kvarandre i Guds kjærleik fordi han vil sigra over alt det som skil oss. Det er å få del i Kristi siger over dei nedbrytande kreftene som øydelegg menneska og alt anna Gud har skapt. I Jesus får vi del i eit nytt liv som kallar oss til kamp mot alt som er gale i verda. Og vi får ein ny tryggleik med glede over alt som er godt.

Orda frå Det gamle testamentet gjev ei bestemt åtvaring mot å *følgje mengda i det som er vondt og urett*. Haldningane til folkefleirtalet kan ikkje på noko vis gje oss ei orsaking. Heller ikkje kan rikdom eller andre situasjonar i livet gje eit menneske rett til å gjera det som er gale.

Salme 1 syner ikkje berre kor naudsynt det er å ta boda på alvor, men den peiker og på den herlege frukta som veks hjå den som gjer det. Eit menneske som elsker Guds lov framfor noko, vert kalla sæl og velsigna. Guds ord er ei trygg lei estjerne i motgang og vanskar, og er det høgste menneskeleg visdom kan nå. *Den som grundar på Guds lov dag og natt* vert sett i stand til å leva eit liv som ber rik frukt til glede for andre.

Apostelen oppmodar oss til å vinna over det vonde med det gode. Berre det gode kan bryta den endelause spiralen av hat og ønsket om hemn. I kampen for det gode er det ikkje alt som heng på menneske. Likevel oppmuntrar Paulus til å gjera alt vi kan for å halde fred med alle menneske. Han forstår at vi stendig må kjempa mot instinkta til å skada dei som sårar oss. Men han vil at vi ikkje skal la desse destruktive kjenslene sigra over oss. Å gjera det gode er den beste måten å kjempa mot dei vonde gjerningane mellom oss.

Evangelieteksta teiknar kampen Guds Son kjempa mot Satan. Sigeren Jesus vann over freistingane i ørkenen, er fullendt i lydnaden mot Far, noko som leidde han til krossen. Frelsarens oppstode stadfestar at her er det Guds godleik som til sist vinn: Kjærleiken sigrar over døden. Den oppstadne Herren er nær! Han er med oss i kvar einaste kamp vi kjempar mot freistingar og synd i verda. Det at han er nær, kallar oss kristne til å handla saman for det gode.

Skamma er at vi ikkje kan verta sterke nok til å kjempa mot det vonde i vår tid fordi vi er splitta. Sameina i Kristus og i glede over kjærleikens lov, som han har gjeve oss, er vi kalla til å ta del i tenesta med å gje von der urett, hat og fortvilning rår.

## **Bøn**

Herre Jesus Kristus, vi takkar deg for sigeren du vann over vondskap og splitting. Vi lovprisar deg for det offeret du bar fram og for oppstoda som vann over døden. Hjelp oss i motgang og elende i kvardagsstrevet. Lat Heilaganden gje oss styrke og visdom så vi saman med deg kan vinna over vondt med godt, og over skilje med forsoning. Amen.

## **Spørsmål til ettertanke**

1. Kvar kan vi sjå det vonde i liva våre?
2. På kva måte kan kristentraua hjelpe oss å til å sigra over det vonde - og den vonde?
3. Kva kan vi lære frå situasjonar i samfunna våre der splitting er avløyst av forsoning?

## FEMTE DAGEN

**Tema:** Omskapte ved fred frå den oppstadne Herre

Tekst - ”Jesus stod midt imellom dei og sa: Fred vere med dykk!”  
(Joh 20,19)

### Tekstlesingar

Mal 4,5-6	Han skal venda fedrehjarto til borna og barnehjarto til fedrane
Salme 133	Sjå, kor godt og fagert det er når brør bur fredeleg saman!
Ef 2,14-20	I éin kropp skulle han forsona dei begge med Gud og gjera ende på fiendskapen
Joh 20,19-23	Jesus stod midt imellom dei og sa: Fred vere med dykk!

### Kommentar

Dei siste orda i den siste boka i Det gamle testamentet gjev oss lovnaden om at Gud vil senda sin utvalde for å skipa fred og respekt i alle heimar. Til vanleg ottast vi for strid mellom nasjonar eller uventa aggresjon. Men profeten Malaki gjer merksam på ein av dei vanskelegaste og lengst varande konfliktane, nemleg brot i relasjonane mellom foreldre og barna deira. Ei gjenoppretting av bandet mellom foreldre og barn er ikkje mogleg utan hjelp frå Gud. Det er Guds utsending som skapar eit slikt under av ei omskaping i folks hjarta og i tilhøvet mellom dei.

Salmen viser til den store gleda ein slik fellesskap mellom menneske kan bere med seg. Mennesket vart ikkje skapt til å vera åleine, og kan ikkje leva lukkeleg mellom fiendar. Lukka ligg i å leva i eit samfunn av menneske som er prega av fred og samklang, tillit og forståing. Gode relasjonar mellom folk er som dogg på turr jord eller velangande olje til helse og glede. Salmen visar at det godet det er å leva saman, er ei signing og ei ufortent gåve frå Gud, nett som doggen. Å leva saman i fellesskap er ikkje avgrensa til familien. Dette er meir som ei erklæring om nærleiken mellom menneske som tar imot freden frå Gud.

Efesarbrevet fortel om han som profeten Malaki tala om. Jesus bringer einskap. Med sin eigen kropp reiv han ned *muren som skilde, fiendskapen* mellom folk. Vanlegvis er det slik at når ein person sigrar, tyder det nederlag og skam for dei som tapte, og dei dreg seg gjerne attende. Jesus forkastar ingen, og han korkje øydelegg eller audmjukar nokon. Han gjer slutt på framandkjensle, han omskapar, lækjer og sameiner alle så dei kan verta medlemmer i Guds hushald.

Evangeliet minner om gáva den oppstadne Herre gav sine usikre og skrekkslagne disiplar. *Fred vere med dykk*, det er helsinga frå Kristus, og gáva hans. Det er også ei innbyding til å finna fred med Gud og oppretta nye og varige relasjonar i høve til familien og resten av skapinga. Jesus har trødd døden og synda under fot. Når han har gjeve dei Den heilage ande, innbyd Herren disiplane til å gå inn i tenesta med å bringe fred, lækjedom og tilgjeving til heile verda. Så lenge kristne held fram med å vera skilde frå kvarandre, kan ikkje verda verta overtydd om sanninga i evangeliets ord om at Jesus har kome med noko heilt nytt. Fred og einskap er kjennemerka på omskapinga. Kyrkjene, som er medlemmer av Guds familie og bygt på den trygge grunnvollen med Jesus som hjørnestein, treng å ta dette på alvor og vitna om desse gåvene frå Jesus.

## **Bøn**

Kjærlege og miskunnsame Gud, lær oss gleder ved å ha del i din fred. Fyll oss med Din heilage ande så vi kan riva ned murane av fiendskap som skil oss. Lat den oppstadne Kristus, vår fred, hjelpe oss med å sigra over all splitting og sameina oss som medlemmer av hans familie. Vi bed i namnet til Jesus Kristus, han som med deg og Den heilage ande skal ha all herlegdom og ære nå og i all æve. Amen.

## **Spørsmål til ettertanke**

1. Kva slags val i samfunna våre kan vi som kristne stå saman opp mot?
2. Korleis opplever vi skjult fiendskap som rører ved tilhøvet til kvarandre som kristne samfunn?
3. Korleis kan vi læra å ta imot kvarandre slik Kristus tar imot oss?

## **SJETTE DAGEN**

### **Tema: Omskapte ved Guds trufaste kjærleik**

*Tekst – Det som har sigra over verda, er vår tru (1 Joh 5,4)*

### **Tekstlesingar**

Hab 3,17-19	Herren Gud er min styrke
Salme 136,1-4.23-26	Evig varer hans miskunn!
1 Joh 5,1-6	Det som har sigra over verda, er vår tru
Joh 15,9-17	Ingen har større kjærleik enn den som gjev livet sitt for venene sine

### **Kommentar**

I teksta frå Det gamle testamentet er det trua på Gud som trass i alle feil held vona levande. Habakuks klage vert vendt til glede over at Guds truskap gjev styrke midt i fortvilninga.

Salme 136 stadfestar at minnet om Guds storverk i Israels historie er eit prov på hans trufaste kjærleik. Fordi Gud greip inn, opplevde Israelfolket utrullege og overraskande sigrar. Derfor vert det å tenkja attende på frelsesverka Gud har gjort, ei kjelde til glede, takk og von som dei truande har uttrykt gjennom hundreåra i bøn, lovsong og musikk.

Epistelteksta minner oss om at *alt som er født av Gud, sigrar over verda*. Dette tyder ikkje naudsynleg sigrar som kan verta måla med menneskelege standardar. Siger i Kristus fører med seg at hjartet vert omskapt, at ein ser den jordiske røynda frå eit himmelsk perspektiv og trur på ein endeleg siger over døden. Det er trua som gjev kraft til ein slik siger. Det er Gud som er opphavet og gjevaren, og kjærleiken er det fullkomne uttrykket for sigeren over verda.

Kristus forsikrar disiplane sine om Guds kjærleik. Denne kjærleiken får si endelege stadfesting i Frelsarens død på krossen. Samstundes bed han dei elska kvarandre. Relasjonen mellom Jesus og disiplane hans byggjer på kjærleik. Han ser ikkje berre på dei som læresveinar, han kallar dei venene sine. Den tenesta han bed dei om, skal koma frå indre overtyding og tru og går ut på at dei skal innretta liva sine etter bodet om å elska kvarandre. Når kjærleiken fyller sinna våre, tapar vi ikkje vona sjølv om framgangen er sein på vegen til full einskap. Guds trufaste kjærleik gjer oss i stand til å sigra over den største motstandaren og dei djupaste splittingane. Det er fordi sigeren som vinn over verda er trua vår og den omskapande krafta i Guds kjærleik.

## **Bøn**

Herre Jesus Kristus, Son av den levande Gud, ved di oppstode har du triumfert over døden og vorte livets Herre. Fordi du elsker oss, har du utvalt oss til å vera dine vener. Lat Den heilage ande sameina oss med deg og med kvarandre med venskapsband, så vi trufast kan tena deg i denne verda og vitna om din trufaste kjærleik, for du lever og råder med Far og Heilaganden, ein sann Gud i all æve. Amen.

## **Spørsmål til ettertanke**

1. Korleis skal vi gje uttrykk for kristen kjærleik i høve til ulike religionar og filosofiar?
2. Kva kan vi gjera for å verta meir truverdige vitne om Guds kjærleik i ei splitta verd?
3. Korleis kan menneske som følgjer Kristus rundt i verda, stø kvarandre på meir synleg vis?

## **SJUANDE DAGEN**

### **Tema: Omskapte av den gode hyrdingen**

*Tekst\_ - Fø sauene mine! (Joh 21,17)*

### **Tekstlesingar**

1 Sam 2,1-10	Ingen er sterk i eiga kraft
Salme 23	Din kjepp og din stav, dei trøystar meg
Ef 6,10-20	Bli sterke i Herren, i hans veldige kraft!
Joh 21,15-19	Fø sauene mine

### **Kommentar**

Skal ein vinna over lidning, treng ein hjelp frå det høge. Den hjelpa kjem gjennom bøn. Vi las om krafta i Hannas bøn i det fyrste kapittelet i 1. Samuels bok. I det andre kapittelet finn vi Hannas takk og lovprising. Ho hadde forstått at nokre ting berre kan henda med hjelp frå Gud. Det var gjennom hans vilje Hanna og mannen hennar vart foreldre. Denne teksta er eit døme som kan styrkja trua i det ein opplever som ein vonlaus situasjon. Det er eit døme på siger.

Den gode hyrdingen i Salme 23 leier flokken sin gjennom dei mørkaste stader og trøyster dei med å vera nær dei. Dei som set sin lit til Herren, treng ikkje eingong frykta skuggen av oppløysing og motsetnader, for hyrdingen deira vil leia dei til grøne beitemarker der sanninga finst, så dei kan kvila saman i Herrens eige hus.

I brevet til efesarane oppmodar apostelen Paulus oss til å *bli sterke i Herren, i hans veldige kraft* ved å ta på oss den andelege rustninga. Den er sett saman av sanning, rettferd, fredens evangelium, tru, frels, Guds ord og bøn.

Den oppstadne Herre legg inn over Peter – og i hans person kvar einaste disippel – at ha i seg sjølv skal finna ein kjærleik til Han som åleine er den sanne hyrdingen. Har du ein slik kjærleik, då seier Herren: *Fø sauene mine!* Med andre ord: Gje dei mat, pass på dei, ta vare på dei, styrk dei – fordi dei er mine og høyrer meg til! Ver den gode tenaren min og sjå til dei som har elska meg og som følgjer røysta mi. Lær dei å elska kvarandre så dei kan samarbeida og ha mot til å ferdast gjennom krokane og svingane i livet.

Vitnesbyrdet om Kristus som er stadfesta i oss av Guds nåde, gjev oss plikt til å verka saman for einskap. Vi har evner og kunnskap til å bera fram eit slikt vitnemål! Men er vi villige? Den

gode hyrdingen, som gjennom livet sitt og læra og framferda si, gjev kraft til alle dei som trur på han, han bed oss vera med og samarbeida med han utan reservasjonar. Styrkte på dette viset blir vi i stand til å hjelpa kvarandre på vegen til einskap. Så lat oss verta sterke i Herren så vi kan styrkja andre gjennom eit felles vitnemål om kjærleik.

### **Bøn**

Gud, du som er far til alle, kall oss til å verta ein flokk i sonen din, Jesus Kristus. Han er den gode hyrdingen vår, som innbyr oss til å liggja i grøne enger, leier oss til stille vatn og styrkjer sjelene våre. Når vi følgjer han, då hjelp oss å ha omsut for kvarandre slik at alle gjennom oss kan sjå kjærleiken til den eine sanne hyrdingen, Jesus Kristus, vår Herre, han som lever og råder med deg og Den heilage ande, ein Gud i all æve. Amen.

### **Spørsmål til ettertanke**

1. Korleis kan den gode hyrdingen inspirera oss til å trøysta, liva opp att og byggja opp tilliten hjå dei som har gått seg vill.
2. På kva vis kan kristne frå ulike tradisjonar styrkja kvarandre gjennom vedkjenning og vitnemål om Jesus Kristus?
3. Korleis kan vi i dag forstå oppmodinga frå Paulus: ”Bli sterke i Herren, ... ta på dykk heile Guds rustning”?

## ÅTTANDE DAGEN

### **Tema: Sameina under Kristi herredømme**

*Tekst – ”Den som sigrar, vil eg la sitja med meg på mi trone” (Op 3,21)*

### **Tekstlesingar**

1 Krøn 29,10-13	I di hand er kraft og styrke, og du har makt til å gjera alt stort og sterkt.
Salme 21,2-8	Du sett ei krone av gull på hans hovud
Op 3,19b-22	Den som sigrar, vil eg la sitja med meg på mi trone
Joh 12,23-26	Den som tener meg, skal Far min æra

### **Kommentar**

Jesus Kristus er den fyrstefødde av dei døde. Han har audmjuka seg sjølv og er vorte opphøgd. Kristus vil ikkje halde sigeren sin for seg sjølv, men vil dela herredømet og plassen sin i det høge med alle menneske.

Davids lovsong, som er fødd ut av gleda til kongen og folket før tempelet vart bygd, vitnar om sanninga i at alt skjer av nåde. Sjølv ein jordisk monark kan vera eit bilete på Guds herredøme og at *det i Guds hand er kraft og styrke, og han har makt til å gjera alt stort og sterkt.*

Salme 21, kongens takkesalme, fører denne tanken vidare. I kristen tradisjon får den og ei messiansk tyding: Kristus er den sanne kongen, han er full av liv og signing, Guds fullkomne nærvær hjå folket. På ein måte kan dette biletet og handla om folket. Er ikkje menneska sjølvvorne krona i skapningen? Vil ikkje Gud at vi skal verta medarvingar med hans Son og medlemmer av hans kongelege familie?

Brevene i Openberringa til de sju lokale kyrkjene er budskap til kyrkja over alt og til alle tider. Dei som let Kristus koma inn i heimen sin, får alle innbyding til å dela festmåltidet med han i æva. Lovnaden om å sitja på tronstolar, som tidlegare var gjeve til dei tolv, er nå utvida til å gjelda alle som har sagra.

*Der eg er, skal og min tenar vera.* Vi kan sjå ein samanheng mellom Jesus, som seier *Eg er* og det uutseielege namnet til Gud. Tenaren til Jesus, som vert æra av Far hans, skal vera der Herren er, han som har sett seg ved Fars høgre hand og har fått herredøme over himmelen og jorda.

Kristne veit at einskapen mellom dei framfor alt er ei gåve, sjølv om den også krev menneskeleg innsats. Einskapen har del i Kristi siger over synd, død og det vonde som skapar splitting. Men det er fyrst i himmelen at vår deltaking i Kristi siger vert fullkomen. Vitnesbyrdet som vi saman gjev om evangeliet, skulle visa verda ein Gud som ikkje set grenser for oss og ikkje overmannar oss. På ein truverdig måte skulle vi forkynna for menneske i denne tid og tidsalder at Kristus vinn over alt det som held oss vekk frå fullt og heilt å ha del i livet med han og med kvarandre.

### **Bøn**

Allmektige Gud, du som herskar over alle, lær oss å trengja inn i mysteriet om din herlegdom. Gjev at vi audmjukt og med respekt for kvart einskilt menneske tek imot dine gåver. La Din heilage ande styrkja oss for dei andelege kampene som ligg foran, slik at vi kan råda saman med Kristus i herlegdomen. Gjev oss dette ved han som fornedra seg sjølv og vart opphøgd, han som saman med deg og Den heilage ande lever alltid og i all æva. Amen.

### **Spørsmål til ettertanke**

1. På kva måte kan falsk audmykt og ønske om jordisk herlegdom koma til syne i liva våre?
2. Korleis uttrykkjer vi saman trua på Kristi herredøme?
3. Korleis gjev vi uttrykk for vona om at Guds rike skal koma?

# MEIR MATERIALE TIL GUDSTENESTENE

---

*Bønene nedanfor til dagane 1-8 spring ut av temaet for dagen. Saman med tekstene frå Bibelen og bønå for kvar dag i veka kan desse bønene nyttast til å forma ein enkel bønestructur for kvar dag i Bøneveka for kristen einskap.*

## FYRSTE DAGEN

### Den tenande sigerherren

L: Herre, fordi Adam og Eva var ulydige, kom lidinga og døden til oss, og manneætta vart sundriven. Ha miskunn med oss!

F: *Ha miskunn med oss!*

L: Kristus, vi forherda hjarta våre då du let tenarane dine undervisa om ditt ord. Ha miskunn med oss!

F: *Ha miskunn med oss!*

L: Herre, du veit at vi ikkje har tent deg gjennom brørne og systrene våre. Ha miskunn med oss!

F: *Ha miskunn med oss!*

L: Allmektige Gud, ha miskunn med oss, tilgje oss syndene våre og lei oss til det ævelege livet.

F: *Amen.*

## ANDRE DAGEN

### Omskapte gjennom å venta tolsamt på Herren

L: Herre, vi bed til deg:  
Om gåva til å sjå liva våre i ljuset frå din visdom, bed vi deg!

F: *Høyr oss, Herre!*

L: Om den guddommelege gåva som gjev tolmod når menneske gjer urett, bed vi deg!

F: *Høyr oss, Herre!*

L: Om evne til å beda og venta når berre di gåve kan gje oss det vi treng, ber vi deg!

F: *Høyr oss, Herre!*

L: Høyr oss når vi bed, Gud, og gje at vi kan få sjå heilskapen i rettferda di!

F: *Amen.*

## TREDJE DAGEN

### Omskapte av den lidande tenaren

L: Krossen er sigersmerket. Derfor seier vi: Vi tilbed deg, Herre!

F: *Vi tilbed deg, Herre!*

L: For krossen din – den sanne heilagdomen og domstolen.

F: *Vi tilbed deg, Herre!*

L: For krossen din – livsens tre og nådens trone.

F: *Vi tilbed deg, Herre!*

L: For krossen din – teiknet på miskunn og teiknet på von.

F: *Vi tilbed deg, Herre!*

L: Herre, du døydde på krossen for å samla til eitt Guds burtkomne barn. Når vi ser på krossen din, då lat det omskapa oss så vi ikkje lenger ser liding som nederlag, for du lever og råder i all æve.

F: *Amen.*

## FJERDE DAGEN

### Omskapte ved Herrens siger over det vonde

L: Når Guds rike kjem, vert Satans rike nedkjempa. Når Jesus nedkjempar freistaren i audemarka og set folk fri frå dei vonde andsmaktene, føregrip han den store sigeren i den timen då han måtte lide. Herskaren i denne verda er kasta ned. I den siste lekken i Herrens bøn – frels oss frå det vonde – bed vi Gud at han må openberre den sigeren som Kristus alt har vunne. Derfor seier vi: Frels oss, Herre!

F: *Frels oss, å Herre!*

L: Frå alt vondt

F: *Frels oss, Herre!*

L: Frå all synd

F: *Frels oss, Herre!*

L: Frå Satans snarer

F: *Frels oss, Herre!*

L: Frå hat og vond vilje

F: *Frels oss, Herre!*

L: Frå den ævelege død

F: *Frels oss, Herre!*

L: Frels oss, Herre, frå alt vondt, og hald oss oppe ved din nåde, du som lever og råder i all æve.

F: *Amen.*

## FEMTE DAGEN

### Omskapte ved freden frå den oppstadne Herre

- L: Lat oss beda til den oppstadne Herre for kristne frå alle folkeslag på jorda:  
Gje oss din fred!
- F: ***Gje oss din fred!***
- L: Sign nasjonane med fred.
- F: ***Gje oss din fred!***
- L: Hald oppe dei som arbeider for einskapen i di kyrkje.
- F: ***Gje oss din fred!***
- L: Sjå til dei du har kalla til hyrdingar for flokken din.
- F: ***Gje oss din fred!***
- L: Styrk kjærleiken mellom ektefellar.
- F: ***Gje oss din fred!***
- L: Skap forsoning i familiar, grannelag og samfunn.
- F: ***Gje oss din fred!***
- L: Herre, stå midt iblant oss og gje oss einskap og fred. Du som lever og råder i all æve.
- F: ***Amen.***

## SJETTE DAGEN

### Omskapte ved Guds trufaste kjærleik

- L: Til han som åleine har fortent vår tru, seier vi: Amen – eg trur!
- F: ***Amen – eg trur!***
- L: På den eine Gud: Far, Son og Heilag ande.
- F: ***Amen – eg trur!***
- L: På Guds Son, som vart menneske.
- F: ***Amen – eg trur!***
- L: På hans død, oppstode og himmelfart.
- F: ***Amen – eg trur!***
- L: På Den heilage ande som vi har fått.
- F: ***Amen – eg trur!***
- L: På at Kristus skal koma att i herlegdom
- F: ***Amen – eg trur!***

L: At nåden hans er sterkare enn synd.

F: ***Amen – eg trur!***

L: At kjærleiken er mykje kraftigare enn hat og død.

F: ***Amen – eg trur!***

L: På kroppens oppstode og eit liv utan ende i Guds rike.

F: ***Amen – eg trur!***

L: Herre, sjå til trua i kyrkja di der ho er på pilegrimsvandring gjennom verda, og lei barna dine så dei får sjå glansen av din majestet andlet til andlet, du som lever og råder i all æve.

F: ***Amen.***

## SJUANDE DAGEN

### Omskapt av den gode hyrdingen

L: Herren har ikkje svikta oss. I alle livsens hendingar leier han oss med sin kjepp og sin stav. Han er vår gode hyrding. Derfor seier vi: Vi takkar deg, Herre!

F: ***Vi takkar deg, Herre!***

L: For livet og alle gåver som du har styrkt oss med

F: ***Vi takkar deg, Herre!***

L: For at du har gjeve oss ditt ord

F: ***Vi takkar deg, Herre!***

L: For at vi har halde ut i tru

F: ***Vi takkar deg, Herre!***

L: For truverdige menneske som har vitna om evangeliet

F: ***Vi takkar deg, Herre!***

L: For alle ting vi ikkje kan telja eller ikkje forstår

F: ***Vi takkar deg, Herre!***

L: Takk, Herre, for alle gåver du har gjeve oss, slik at vi ikkje stansar på vegen eller veiknar i den andelege kampen, du som lever og råder i all æve.

F: ***Amen.***

# ÅTTANDE DAGEN


## Sameinte under Kristi herredøme

- L: Frå ei gamal preike:  
*Den himmelske trona er allereie gjort klar, tenarane ventar vaktsame, brurekammeret er gjort i stand, maten er ferdig, den ævelege bustaden er pynta, ævelege skattar er opna , og himmelriket, som er gjort i stand frå verda vart skapt, er alt late opp.*
- L: Med inderleg ønske om å vera saman med Kristus, lat oss tilbe han og seia: Ver opphøgd i alle tider!  
F: ***Ver opphøgd i alle tider!***
- L: Herre over tid og æve  
F: ***Ver opphøgd i alle tider!***
- L: Du førstefødde av dei døde  
F: ***Ver opphøgd i alle tider!***
- L: Du som held nøklane til døden og dødsriket  
F: ***Ver opphøgd i alle tider!***
- L: Du som er Herre over dei som regjerer og Konge over dei som rår  
F: ***Ver opphøgd i alle tider!***
- L: Du som var og som er og som skal koma att  
F: ***Ver opphøgd i alle tider! Amen.***

## Kyrie

Melodi: Warszawa (1874)

Śpiewnik Ewangelicki (Evangelisk sangbok), Bielsko-Biała 2002



Ky-ri-e e-lei-son

Chri-ste, e-lei-son.

Ky-ri-e e-lei-son.

Herre, ha miskunn

Kristus, ha miskunn

Herre, ha miskunn

# Our Father

English adaptation: S. Takis N. Kedrov: Russia

**Lento**

*pp* Our Fa - ther, who art in hea - ven, hal - low - ed be Thy name. Thy king - dom  
*sempre legato*

come, Thy will be done on earth as it is in hea - ven. *p* Give us this day our

dai - ly bread, and for-give us our tres - pass - es, as we for-give those who tres - pass a - gainst

us. And lead us *mf* not in - to temp - ta - tion, but de - liv - er us from *p* vil. *pp*

English adaptation © 2001 S.J. Takis.

## Ciągly niepokój na świecie

Tekst og melodi: Zofia Jasnota (1971)  
Śpiewnik Ewnagelicki (Evangelisk sangbok) Bielsko-Biala 2002

Em E7 Am  
Ciąg - ly nie - po - kój na świe - cie.

D D7 G (H7 F#)  
woj - ny i woj - ny bez koń - ca.

Em E7 Am  
Jak - że nie - pew - na jest zie - mia,

Em H H7 Em D7 F#  
ję - kiem i gnie - wem drga - ją - ca!

Ref. G C (E7 H) A  
Po - kój zo - sta - wiam wam, po - kój swój

D (F#7 C#) H H7  
da - ję wam, nie tak jak da - je

Em C D7 G  
dzi - siaj świat - po - wie dział do nas Pan.

Det er ikkje freden som rår på jorda,  
men krig og konflikter,  
undertykking og lekkjer  
som held så mange i togn.  
Fred vera med dykk.

## Salme for det internasjonale økumeniske fellesskap

Musikk komponert av den vidgjetne polske komponisten Wojciech Kilar (tidlig 1990-åra)

Forfatter av teksta er ukjent

The image shows a musical score for a hymn. It consists of five staves of music in 4/4 time, written in a key with one flat (B-flat major or D minor). The lyrics are in Polish and are written below the notes. The lyrics are: Kró - luj nam Chry - ste po wie-czny czas. Za - wsze i wszę-dzie Ty pro-wadz nas. Bądź na - szą Dro - gą u - czyni ten cud. a - by-śmy by - li je - dno Bo - ży lud. Bądź na- szą Pra - wdą, spełń Oj - ca plan, a - by-śmy by - li je - dno. A - men. Bądź na- szą Pra - wdą, spełń Oj - ca plan, a - by-śmy by - li je - dno. A - men. A - men.

Come to us now, Lord, reign in our hearts,  
Be for us now and always our guide.  
Bring us together, may we be one.  
Bind us together as the people of God.  
Lord, be for us the truth and the way,  
Fulfill the Father's plan and make us one!  
Come, be our life and give us your peace,  
May we be one in Jesus Christ our Lord.  
Amen

# BAKGRUNNSSTOFF OM POLEN

## ***Grunnleggjande***

Republikken Polen er eit sentral-europeisk land ved Austersjøen. Landet grensar til Tyskland i vest, til Tsjekkia og Slovakia i sør, til Ukraina og Kviterussland i aust, til Litauen i nordaust og til Russland i nord (Kaliningrad-enklaven). I Austersjøen har Polen dessutan havgrenser til Danmark og Sverige.

Med eit areal på 312.700 km<sup>2</sup> er Polen det niande største landet i Europa. Folketalet er meir enn 38 millionar. Hovudstaden i Polen er Warszawa.

Nesten 97% av folket er polakkar. Før 1939 var meir enn ein tredel av folket etniske minoritetar. Om lag 6 millionar menneske døydde under andre verdskrigen, av dei vart 3,5 millionar jødar drepane i Shoah (Holocaust). I dag er dei etniske minoritetane berre ein liten prosent av folketalet i Polen. Dei største gruppene er ukrainarar, kviterussarar, tyskarar (dei er representerte i parlamentet), romafolk, litauarar, slovakar og tsjekkarar.

Polakkar talar polsk, eit språk som høyrer til den slaviske språkfamilien. Lova garanterer at dei etniske minoritetane kan nytta sitt eige språk.

På 1800-talet var det nær 15 millionar polakkar som emigrerte frå heimlandet av økonomiske og politiske årsaker. I dag finst det store polske samfunn i USA, Tyskland, Brasil, Frankrike og Canada.

## ***Historisk oversyn***

Kristendomen har ei meir enn tusenårig historie i Polen. Dei fyrste kristne kyrkjelydane blei til som eit resultat av misjonsarbeidet til Kyrill og Methodius på 800-talet. Kyrkjelivet i Polen vart organisert i regjeringstida til den fyrste historiske høvdingen, Mieszko Piast. Han samla dei slaviske stammene som levde i Vistula-dalføret. Året 966, då Mieszko vart døypt, blir rekna som året då Polen vart danna.

Det fyrste erkebiskopssetet i polsk land med sjølvstendig jurisdiksjon vart oppretta i Gniezno i år 1000. I det same året kom tre kongar – frå Tyskland, Tsjekkia og Polen – saman til eit møte ved grava til biskopen og martyren St. Wojciech. (Nåtidas kongressar i Gniezno, som har vore haldne sidan 1997, spelar med sitt internasjonale og økumeniske preg på denne hendinga). Bolesław den modige var den fyrste som blei krona til konge i Polen, det var i 1025. Han utvida grensene for landet i stort monn og stødde ymse misjonsframstøyt. Mange utlendingar fann heilt frå starten av ein bustad og gunstige levekår i Polen. Dei var fyrst og fremst jødar og karaittar (frå det 12. hundreåret), muslimar og tartarar (frå det 14. hundreåret).

Det 15. og 16. hundreåret er kjent som gullalderen i den polske historia. På den tida var politikk, økonomi og kultur på sitt høgste. Dette var og tida då ideane frå reformasjonen nådde Polen. Læra til Martin Luther vart populær hos borgarskapen medan aristokratiet meir vart dragne mot tankane til Calvin og Zwingli. Mot eit bakteppe av vestlege land i gjensidig øydeleggjande religiøse krigar stod Polen fram som eit rimeleg tolerant land i religiøs samanheng og blei derfor ein tilfluktsstad for protestantiske minoritetar.

Det 17. hundreåret var tida for motreformasjonen. Då mista protestantane dei politiske rettane sine, og Dei polske brørne, som var arianarar, vart tvungne til å emigrera. Dette førte til ein effektiv stans for utviklinga av polsk protestantisme. I 1791 vart det vedteke ei grunnlov i Sejm, det polske parlamentet. Dette var den andre grunnlova (etter den amerikanske) i verda som garanterer fridom for religiøs tru og praksis.

Dessverre vart Polen mellom 1772 og 1775 ved tre ulike høve delt mellom storstatane Prøysen, Russland og Austerrike. Det førte til at landet i 123 år ikkje fans på Europakartet. Ved ei rekkje nasjonale oppstandar søkte polakkane å få attende fridomen sin, slik som ved Kościuszko-oppstanden i 1791, November- opprøret i 1830, Nasjonenes vår i 1848, Januaroppstanden i 1863 og revolusjonen under fyrste verdskrigen. Polen fekk ikkje att fridom og sjølvstende før i 1918.

Mellomkrigstida (1918-1939) vart ei tid for å byggje opp att statsapparatet i landet etter okkupasjonsmaktens ruinerande politikk og øydeleggingane i krigstida. Den korte perioden med sjølvstende (20 år) var og ei tid med sterk vekst. Polen kom heldig frå den økonomiske verdskrisa i 1920-1930. Industrien blomstra, skulevesenet blei gjort ålment, og det var gode kår for utvikling av vitenskap og kultur.

Ein av dei mest tragiske periodane i polsk historie var den andre verdskrigen (1939-1945). Då Nazi-Tyskland gjorde åtak på Polen 1. september 1939, kjempa polakkane i seks veker mot den overveldande militære overmakta til okkupanten. Situasjonen vart endå verre då Sovjets Raude arme rykte inn i den austlege delen av Polen 17. september 1939.

Medan tyskarane hadde makta vart det danna ei heimefront som ytte motstand og oppretta ein statsstruktur på undergrunnsplan, kalla Generalregjeringa,. I april 1943 braut det ut oppstand i den avstengde Warszawa-gettoen. Heile det jødiske området vart då systematisk brent ned og jamna med jorda. I august 1944 starta Warszawaopprøret i hovudstaden. Då blei rundt 200.000 opprørarar og sivile drepne. Då opprøret braut saman, vart resten av innbyggjarane flytta vekk, og 95% av hovudstaden vart øydelagt av nazistane.

Polske soldatar kjempa på mange frontar i heile verda: i Noreg, England, Italia, Nederland, Sovjetunionen, Midtausten og Afrika.

Takk vere avtalen som blei underteikna på Jalta og i Potsdam mellom sigersmaktene i 1945 då krigen var slutt, fann Polen seg sjølv innanfor den sovjetiske sfæren og blei ein kommunistisk republikk. Dei gamle grensene blei flytta. Sovjetunionen tok over dei austlege polske områda, og vestgrensa vart sett langsmed elvene Oder og Neisse. Begge desse vedtaka fekk enorme konsekvensar, så vel politisk og økonomisk som sosialt og religiøst. Millionar av menneske av mange ulike nasjonalitetar blei flytta omkring.

Ved slutten av 1970-åra stod landet overfor eit økonomisk samanbrot. Rundt i heile Polen streika folk, og den aukande misnøya, som vaks på denne tida, gjorde at fagforeininga Solidaritet vart oppretta med kring 10 millionar medlemmer. Den vart leidd av Lech Wałęsa. Dei politiske endringane i Sovjet ("perestrojka") og den mektige fagforeininga saman med rørsla for sjølvstende i Polen verka med til dei demokratiske endringane i Europa og gav Polen fridomen attende.

I 1989 vart det politiske systemet endra til parlamentarisk demokrati, og ein gikk attende til marknadsøkonomi. Det blei halde frie val til parlamentet, og nye politiske parti blei danna så

vel som frie organisasjonar. I 1999 slutta Polen seg til internasjonale strukturar for tryggleik (NATO) og økonomi (WTO og OECD). Sidan 2004 har Polen vore medlem av Den europeiske unionen (EU), og hadde leiarskap i unionen frå juli til desember 2011.

### ***Den religiøse stoda***

Den største kyrkja i Polen er Den romersk katolske kyrkja, som om lag 95 % av folket høyrer til. Denne kyrkja har spela ei viktig rolle i å ta vare på polsk nasjonalkjensle og sjølvstende gjennom tidene, især då landet var delt (1772 – 1918) og i kommunisttida (1945-1989). Valet av ein polsk pave i 1978 hadde enorm verdi for dei sosiale og politiske endringane. Johannes Paul II (som døydd i 2005) var kjent i heile verda for å hevda respekt for ulike religionar og for å vera talsmann for fred mellom nasjonane, for menneskeverd og fridom.

Den nest største kyrkja er Den polske ortodokse kyrkja med rundt 550.000 medlemmer. Denne kyrkja har røter attende til misjonsarbeidet som Kyrill og Methodios dreiv på 800-talet. Ortodoksien har vore ein stabil del av det religiøse livet. Frå 1925 har Den ortodokse kyrkja i Polen hatt status som ei sjølvstyrande kyrkje.

I 1596 var det mange ortodokse prestar og truande som på grunnlag av unionen i Brest godkjende paven som leiar for kyrkja og aksepterte den katolske læra, men dei heldt fast ved den bysantinske ritus. Slik blei Den gresk katolske (unerte) kyrkja til i Polen. I dag har ho om lag 100.000 medlemmer.

Den evangelisk-lutherske kyrkja (ca 75.000 medlemmer) og Den evangelisk reformerte (kalvinistiske) kyrkja (ca 3.500 medlemmer) har sitt opphav i reformasjonen i det 16. hundreåret. Den evangeliske metodistkyrkja (ca 5.000 medlemmer) og Baptistunionen (ca 5.000 medlemmer) har eksistert i Polen sidan det 19. hundreåret.

Der er også to andre kyrkjer som blei til ved overgangen frå det 19. til det 20. hundreåret, og som høyrer til Den gamalkatolske kyrkjefamilien: Mariavitkyrkja og Den polske katolske kyrkja. Den gamalkatolske Mariavitkyrkja (ca 22.000 medlemmer) braut ut frå Den romersk katolske kyrkja i 1906. Den polske katolske kyrkja blei til mellom polske utvandrarar til Amerika. Den har ca 22.000 medlemmer og høyrer til Utrecht-unionen.

Også andre protestantiske kyrkjer er aktive i Polen. Det gjeld til dømes Pinsekyrkja, Sjuandedagsadventistane, "Fellowship of Christian Churches" og Evangeliske kristnes kyrkje. Nokre av desse kyrkjene er knytte til Den evangeliske allianse i Polen.

I Polen er det også andre religiøse grupper som til dømes Unionen av jødiske religiøse samfunn, Karaittanes religiøse union og Den muslimske religiøse unionen.

### ***Den økumeniske stoda***

I tidlegare tider var Polen mykje meir mangfaldig i høve til trdomssamfunn enn i dag. Landet har ein lang og stolt tradisjon for fridom, religiøs toleranse og økumenisk samarbeid. Dagens religiøse landskap er ein konsekvens av mange historiske hendingar, særleg den andre verdskrigen og flyttinga av grenser og menneske etter krigen.

Dei historiske tradisjonane for økumenisk arbeid i Polen går attende til det 16. hundreåret. Ei viktig hending var då lutheranarar, kalvinistar og tsjekkiske hussitar underskreiv Sandomierz-

avtalen i 1570. I 1777 forma lutheranarane og kalvinistane ein union. I 1828 – 1849 hadde både kyrkjesamfunna eit felles kyrkjemøte.

Den fyrste mellomkyrkjelege organisasjonen i Polen var Den polske greina av ”verdsunionen til fremje av venskap mellom nasjonar”. Den blei til i 1923 takk vere initiativ frå kyrkjene. Frå starten var seks kyrkjer frå den lutherske, reformerte og unerte tradisjonen med i Den polske greina. Dei avgjorde i stridsspørsmål seg imellom og tok del i felles aksjonar. Då Den polske ortodokse kyrkja slutta seg til unionen i 1930, realiserte dei eit historisk møte mellom to skilde kristne tradisjonar, den evangeliske og den ortodokse, i ein felles organisasjon.

Under andre verdskrigen vart det mot slutten av 1942 starta eit Midlertidig økumenisk råd. Dette rådet fekk i stand ”Økumenisk truvedkjenning for polske kristne” (Den polske konfesjon), som formulerer dogmatiske prinsipp ut frå felles tankegods.

I 1945 stifta representantar for fem protestantiske kyrkjesamfunn – Evangelisk-lutherske, Evangelisk-reformerte, Metodistar, Baptistunionen og Evangeliske kristne – eit felles økumenisk organ, ”Rådet for protestantiske kyrkjer i Republikken Polen”. Leiar for rådet var Konstanty Najder, generalsuperintendent i Metodistkyrkja.

Det polske økumeniske rådet (PEC) vart offisielt oppretta i Warszawa 15. november 1946. Delegatar frå 12 ulike konfesjonar tok del i dette. Zygmunt Michelis (1890-1977) frå Den evangelisk lutherske kyrkja vart valt til leiar i PEC.

Heilt til slutten på 1960-åra var det berre uoffisielle relasjonar mellom Det polske økumeniske rådet og Den romersk katolske kyrkja. Men mange katolikkar, både prestar og lekfolk, tok del i markeringa av Bøneveka for kristen einskap som vart organisert av medlemskyrkjer i PEC.

Den fyrste økumeniske gudstenesta i ei katolsk kyrkje fann stad i St. Martins kyrkje i Warszawa 10. januar 1962. Dette var før Andre vatikankonsil. Ved denne gudstenesta deltok inviterte representantar for andre kyrkjesamfunn. I år er det 50 år sidan dette hendte.

Det vart oppretta ein felles komité for Det polske økumeniske råd og Det polske episkopatets økumeniske komité i 1974. Dette gjorde det mogleg med offisiell kontakt mellom Den romersk katolske kyrkja og PEC. I 1977 peika denne felleskomiteen ut ein underkomité for dialog til å ta seg av samtalar om teologiske spørsmål.

Tjue år seinare, i 1997, med bakgrunn i erfaringa med samarbeidet så langt mellom Den polske biskopskonferansen og Det polske økumeniske rådet, oppretta dei i fellesskap ein Dialog-komité. Eit av dei viktige resultatane av samarbeidet mellom PEC og Den romersk katolske kyrkja synt seg i 2000. Då underteikna leiarar for seks medlemskyrkjer i PEC og Den romersk katolske kyrkja eit dokument om ”Dåpens sakrament som eit teikn på einskap”. Med underskrifta si erklærer dei at dei gjensidig godkjenner dåpen hjå dei andre.

Ei viktig hending, som vart organisert av Bibelselskapet i Polen, var då ei ny økumenisk omsetjing av Det nye testamentet og Salmane vart publisert i 2001. Elleve kyrkjer var med på omsetjingsarbeidet. For tida går det framover med ei økumenisk omsetjing av Det gamle testamentet.

Dette året (2012) vert det for femtande gong gjeve ut ei brosjyre for Bøneveka for kristen einskap. Denne utgjevinga står representantar for PEC og Den romersk katolske kyrkja saman om.

I 2009 kom det ut ei bok med tittelen ”På vegen til Kristus. Kristne kyrkjer i Polen fortel om seg sjølv”. I denne boka presenterer medlemskyrkjene i Det polske økumeniske rådet så vel som Den romersk katolske kyrkja seg sjølv i ein felles publikasjon for fyrste gongen i etterkrigshistoria.

Det er og verd å merka seg at pavane Johannes Paul II og Benedict XVI under økumeniske bønensamlingar møtte prestar og lekfolk i kyrkjene som er med i Det polske økumeniske rådet då dei var på pilegrimsferd i Polen.

For tida er det sju kyrkjer som høyrer til Det polske økumeniske rådet. Dei er Den polske sjølvstyrte ortodokse kyrkja, Den polske katolske kyrkja, Den gamalkatolske Mariavitkyrkja, Den evangelisk-lutherske kyrkja, Den evangeliske-reformerte kyrkja, Den evangeliske metodistkyrkja og Den polske baptistunionen. Bibelselskapet i Polen og Dei polske katolikkane sosialforbund har status som tilknytte medlemar.

## BØNEVEKA FOR KRISTEN EINSKAP

### EMNE 1968-2010

I 1968 byrja ein å nytte materiale som var førebudd i fellesskap av Verdskyrkjerådets komité for tru og kyrkjeordning og Det pavelige råd til fremje av kristen einskap.

1968 Til pris og ære for hans herlegdom (Ef 1,14)

1969 Kalla til fridom (Gal 5,13)  
(Førebuingssmøte i Roma, Italia)

1970 Vi er Guds medarbeidarar (1 Kor 3,9)  
(Førebuingssmøte i klosteret Niederaltaich, DDR)

1971 ...og Den Heilage Andens samfunn (2.Kor 13,13)

1972 Eit nytt bod gir eg dykk (Joh 13,34)  
(Førebuingssmøte i Genève, Sveits)

1973 Herre, lær oss å be (Luk 11,1)  
Førebuingssmøte i klosteret Montserrat i Spania

1974 For at kvar tunge skal sanne: Jesus Kristus er Herre (Fil 2,1-13)  
Førebuingssmøte i Genève, Sveits

I april 1974 blei det sendt eit brev til medlemskyrkjene og andre interesserte grupper om å etablere lokale økumeniske grupper til å delta i førebuing av brosjyre for Bøneveka. Ei australsk gruppe var den første som tok opp denne utfordringa og førebudde eit utkast til Bøneveka for 1975

- 1975 Guds mål: Å samanfatte alt i Kristus (Ef 1,3-10)  
Materiale førebudd av ei australsk gruppe. Møte i Genève i Sveits
- 1976 Vi skal verte han lik (1 Joh 3,2) eller: Kalla til å bli det vi er.  
Materiale førebudd av ein Karibisk kyrkjekonferanse. Møte i Roma, Italia
- 1977 Saman halde ut i håp (Rom 5,1-5)  
Materiale førebudd i Libanon, midt under borgarkrigen. Møte i Genève, Sveits.
- 1978 Ikkje lenger framande (Ef 2,13-22)  
Materiale førebudd av ei økumenisk gruppe i Manchester, England
- 1979 Ten kvarandre til Guds ære (1 Pet 4,7-11)  
Materiale førebudd i Argentina. Møte i Genève, Sveits.
- 1980 La riket ditt kome (Matt 6,10)  
Materiale førebudd av ei økumenisk gruppe i Berlin, DDR. Møte i Milano, Italia.
- 1981 Ein Ande - mange gåver - ein lekam (1 Kor 12,3b-13)  
Materiale førebudd av Greymoor Fathers, USA. Møte i Genève, Sveits.
- 1982 Må alle finne sin heim i deg, å Herre. (Sal 84)  
Materiale førebudd i Kenya. Møte i Milano, Italia.
- 1983 Jesus Kristus - verdas liv (1 Joh 1,1-4)  
Materiale førebudd av ei økumenisk gruppe i Irland. Møte i Céligny (Bossey), Sveits.
- 1984 Kalla til å bli eitt ved krossen til vår Herre (1 Kor 2,2 og Kol 1,20)  
Førebuingmøte i Venezia, Italia.
- 1985 Frå død til liv med Kristus (Ef 2,4-7)  
Materiale førebudd i Jamaica. Møte i Grandchamp, Sveits.
- 1986 De skal være mine vitne (Apg 1,6-8)  
Materiale førebudd i Jugoslavia (Slovenia). Møte i Jugoslavia.
- 1987 Sameina i Kristus - ei ny skapning (2 Kor 5,17-6,4a)  
Materiale førebudd i England. Møte i Taizé, Frankrike.
- 1988 Guds kjærleik driver frykta ut (1 Joh 4,18)  
Materiale førebudd i Italia. Møte i Pinerolo, Italia.
- 1989 Bygge fellesskap: ein lekam i Kristus (Rom 12,5-6a)  
Materiale frå Canada. Førebuingmøte Whaley Bridge, England.

- 1990 At de alle må være eitt ... så verda kan tru (Joh 17)  
Materiale frå Spania. Førebuingssmøte i Madrid, Spania.
- 1991 Lovsyng Herren, alle folkeslag! (Salme 117 og Rom 15,5-13)  
Materiale frå Tyskland. Førebuingssmøte i Rotenburg/Fulda, Vest-Tyskland.
- 1992 Eg er med dykk alle dagar ... Gå difor ut (Matt 28,16-20)  
Materiale frå Belgia. Førebuingssmøte i Brügge, Belgia.
- 1993 Bære Andens frukt til beste for kristen einskap (Gal 5,22-23)  
Materiale frå Zaire. Førebuingssmøte nær Zürich, Sveits.
- 1994 Guds husfolk: kalla til å være eitt i hjarte og sinn (Apg 4,23-37)  
Materiale frå Irland. Førebuingssmøte i Dublin, Irland.
- 1995 Koinonia: Fellesskap med Gud og med kvarandre (Joh 15,1-17)  
Førebuingssmøte i Bristol, England.
- 1996 Se, eg står ved døra og bankar (Op 3,14-22)  
Førebuingssmøte i Lisboa, Portugal.
- 1997 Vi bed i staden for Kristus, lat dykk forsone med Gud. (2 Kor 5,20)  
Førebuingssmøte i Stockholm, Sverige.
- 1998 Anden kjem oss til hjelp i vår vanmakt (Rom 8,14-27)  
Førebuingssmøte halde i Paris, Frankrike.
- 1999 Han skal bo hjå dei som deira Gud, og dei skal vera hans folk ( Op 21,1-7)  
Materiale frå Malaysia. Førebuingssmøte halde i Bose-klosteret i Italia.
- 2000 Lovet være Gud, han som har velsignet oss i Kristus (Ef 1,3-14)  
Materiale førebudd av Kyrkjerådet for Midt-Austen. Møte i La Verna, Italia.
- 2001 Eg er vegen, sanninga og livet (Joh 14,1-6)  
Materiale førebudd i Romania, møte halde i Vulcan, Romania.
- 2002 For du er livets kjelde (Sal 36,5-6)  
Materiale førebudd av Konferansen for Evangeliske kyrkjer i Europa (CEEC) og Konferansen av Kyrkjer i Europa (CEC). Møte holde nær Augsburg, Tyskland.
- 2003 Vi har denne skatten i leirkar (2 Kor 4,4-18)  
Materiale frå kyrkjer i Argentina. Møte i Los Rubios, Spania.
- 2004 Min fred gir eg dykk (Joh 14,23-31; Joh 14,27)  
Materiale førebudd av kyrkjer i Aleppo, Syria. Møte i Palermo, Sicilia.

- 2005 Jesus Kristus, kyrkas einaste grunnvoll (1 Kor 3,1-23)  
Materiale førebudd av kyrkjer i Slovakia, møte i Piestany, Slovakia
- 2006 Der to eller tre er samla i mitt namn, der er eg midt iblant dei.(Matt 18,18-20)  
Materiale førebudd i Irland. Møte halde i Prosperous, Kildare i Irland
- 2007 Han får døve til å høyra og stumme til å tala. (Mark 7,31-37)  
Materiale førebudd i Sør-Afrika. Møte halde i Faverges i Frankrike
- 2008 Be uavlateleg! (1 Tess 5,(12a) 13b-18)  
Materialet er førebudd i USA. Møte halde i Graymoor, Garrison, USA
- 2009 Så dei vert til eitt i handa di (Esek 37,15-28)  
Materialet er førebudd i Korea. Møte halde i Marseilles, Frankrike
- 2010 De er vitne om dette (Luk 24,48)  
Materiale er førebudd i Skotland. Møte halde i Glasgow, Skotland.
- 2011 Dei heldt seg trufast til læra frå apostlane, til fellesskapet, brødsbrytinga og bønene. (Apg 2,42)  
Materiale er førebudd i av ei gruppe kristne leiarar i Jerusalem. Møte i Saydnaya, Syria
- 2012 Vi skal alle bli omskapte ved vår Herre Jesu Kristi siger. (1 Kor 15,51-58)  
Materiale er førebudd i Polen. Møte halde i Warsawa, Polen

## NOKRE NØKKELHENDINGAR I HISTORIA TIL BØNEVEKA

Ca 1740 I Skottland var det på denne tida ei Pinsersørle med band til USA. Bodskapen til vekkingsrørsla omfatta bønner for og med alle kyrkjesamfunn.

1820 Presten James Haldane Stewart gir ut “Hints for the General Union of Christians for the Outpouring of the Spirit”

1840 Presten Ignatius Spencer, konvertitt til den Romersk katolske kyrkja, foreslår “Felles bøn for einskap”

1867 Den første Lambeth-konferansa for anglikanske prester held fram bøn for einskap i innleiinga til resolusjonane.

1894 Pave Leo XIII oppmuntrar til å holde ein bønneoktav (8 dagar) for kristen einskap i samanheng med pinse.

1908 Presten Paul Wattson byrjar å holde ein bønneoktav for kristen einskap.

- 1926 Faith and Order rørsla tar til å gi ut “Forslag til ein bønneoktav for kristen einskap.
- 1935 Abbed Paul Couturier frå Frankrike gjør seg til talsmann for “Ei verdsomfattande bønneveke for kristen einskap” på inkluderande basis med bøn for “den einskap som Kristus vil ha med de middel som han vil nytte”.
- 1958 Unité Chretienne (Lyon i Frankrike) og kommisjonen for Faith and Order i Verdskyrkjerådet tak til å samarbeide om førebuing av materiale til Bønneveka.
- 1964 I Jerusalem ba pave Paul VI saman med patriark Athenagoras Jesu bøn “at dei alle må vera eitt” (Joh 17).
- 1964 Dekretet om Økumenikk frå det 2. Vatikankonsilet strekar under at bøn er sjela i den økumeniske rørsla, og oppmuntrar til å halde Bønneveka for kristen einskap.
- 1966 Kommisjonen for Faith and Order i Verdskyrkjerådet og Sekretariatet til fremme av kristen einskap (nå kjent som Det pavelige råd til fremme av kristen einskap) startar offisielt med felles førebuing av materiale til Bønneveka.
- 1968 Første gang materiale førebudd i fellesskap av Faith and Order og Sekretariatet til fremme av kristen einskap blir offisielt nytta til Bønneveka.
- 1975 Første gang materiale som byggjer på utkast frå ei lokal økumenisk gruppe, vert nytta i Bønneveka
- 1994 Teksta for 1996 blei førebudd i samarbeid med KFUK og KFUM
- 2004 Semje oppnådd om at materialet for Bønneveka i framtida skal publiserast i fellesskap og produserast i same format av Faith and Order (VK) og Sekretariatet til fremme av kristen einskap (Den Katolske kyrkje).
- 2008 Minne om 100 år med Bønneveka for kristen einskap. (Forløparen, Oktaven for kyrkjeeinskap, vart halden fyrste gongen i 1908)